

**Rapport**

**Tilskotsforvaltning av midlar til breiband og  
anskaffingar av breiband i Sykkylven kommune**

23. mai 2018



## Forord

Denne rapporten er gjennomført på oppdrag frå kontrollutvalet i Sykkylven kommune.

Kommunerevisjonen viser til vedtak i kontrollutvalet den 25. oktober 2017, sak 22/17.

Vi har valt å gjennomføre undersøkinga innanfor ramma av ein forvaltningsrevisjon. Undersøkinga er gjennomført i tråd med standarden for forvaltningsrevisjon, så langt det har latt seg gjere.

Rapporten vart sendt på høyring til Sykkylven kommune ved rådmannen i tråd med vanleg praksis 24. april 2018. Rådmannen gav ei tilbakemelding 9. mai 2018. Tilbakemeldinga hadde tre merknadar i form av mindre detaljar i faktagrunnlaget. Desse er innarbeidd i rapporten.

Ved utsending av høyringsutkastet var ikkje rådmannen og kommunerevisjonen kjent med eigarmøtet av 29.11.10 og e-postar i forkant av dette. Rådmannen vart kjent med dette under høyringsperioden. Dette er vesentlege fakta, og er i etterkant innarbeidd i rapporten i kapittel 2.2.2 om interpellasjonen og i eit nytt kapittel 2.2.3 om eigarmøtet. Dette gav også endringar i delar av våre vurderingar i høve til problemstilling 1a, kapittel 2.5.1.

Ålesund, 23. mai 2018

Svein Ove Otterlei  
oppdragsansvarleg revisor



## Samandrag

Denne rapporten omhandlar tilskotsforvaltning av midlar til breiband og anskaffingar av breiband i Sykkylven kommune. Arbeidet er gjennomført på oppdrag frå kontrollutvalet, sak 22/17. Saksutgreiinga til denne saka gjorde det enkelt å uteie problemstillingane.

Når det gjeld tilskotforvaltning er problemstillingane:

- a. *Har tildelinga av tilskotet vore gjenstand for ei forsvarleg sakshandsaming? Herunder om tildelinga er gjort i kompetent organ?*
- b. *Har kommunen gjennomført konkurranse på tilskotet i tråd med regelverket?*
- c. *Har kommunen stilt krav om tilgang for tredjepart i tråd med regelverket?*

Når det gjeld offentlege anskaffingar er problemstillinga:

*Har kommunen skaffa seg breibandtenester i tråd med regelverket?*

### Tilskotsforvaltning

I dette samandraget skal vi innleiingsvis gå gjennom nokre sentrale hendingar i høve til tilskota.

Søknad om midlar første gang 30.08.10, gav ei tilsegn av 19.10.10 på 1 128 186 kr. I søknaden er det vanskeleg å unngå å sjå at dette var eit prosjekt i regi av Sykkylven Energi AS, og for så vidt også Tussa Kraft AS. Midlane skulle Sykkylven Energi AS nytte til eit nytt fibernett frå Hundeidvik til Jarnes, som ein skulle knytte til Tussa Kraft AS sitt nett i eit punkt på Hareid.

Det vart fremma ein interpellasjon i kommunestyret om utbygging av fibernett i Sykkylven i eit møte av 20.09.10. Kommunestyret gjorde eit samrøystes vedtak om at rådmannen skulle leggje fram ei sak der det vart orientert om moglege planar som Sykkylven Energi AS hadde. Vidare at det så langt det var mogleg, så ville kommunestyret også ha fram opplysningar om kva andre aktørar kunne levere. I vedtaket vart det også vist til statlege midlar til utbygging av breiband, og det var ønskeleg med ei vurdering av i kva grad ein kunne få tilgang til desse.

Dagen etter sendte Sykkylven Energi AS ein epost til ordføraren der det innleiingsvis vart vist til denne interpellasjon. Det vart då gitt tilkjenne eit ønskje frå selskapet om å få informere om det arbeidet og dei vurderingane som var gjort rundt fiber, samt kva for tankar selskapet hadde for framtida. Ordføraren svarte at høve til møtet dagen før, så hadde han berre kort informert om at det hadde vore eit møte med selskapet. Vidare at han hadde informert kommunestyret om at det var sendt søknad på statlege midlar, og at selskapet ville orientere litt seinare på hausten.

Det vart gjennomført eit eigarskapsmøte 29.11.10. Eigarane vart representert ved medlemene i kommunestyret som utgjer generalforsamling i selskapet. Det ligg føre ein presentasjon frå møtet. Presentasjonen gav utfyllande informasjon om den fibersatsinga som selskapet la opp til.

Søknad om midlar andre gang, gav tilsegn av 08.12.11 på 2 026 992 kroner. Den gjaldt opphavleg bygging av stamnett Straumgjerde – Velledalen. Møre og Romsdal fylkeskommune godkjente seinare at dette vart endra til stamnett Ørsnes og Ekornes avd. Tynes.

Det går tydeleg fram av ein epost frå aPoint av 14.03.12, at det er krav om konkurranse på dei tilskot som kommunen gir. Ein kan legge til grunn at rådmannen då var, eller burde vere kjent med kravet om konkurranse på tilskota.

Søknad om midlar tredje gang, gav tilsegn av 24.09.12 på 652 608 kr. Den gjaldt bygging av fibernett frå eksisterande infrastruktur på Jarnes ved Ekornes og vidare sørover mot Straumgjerde. Fiberen skulle gå delvis i eksisterande rør og delvis i eksisterande lavspentlinje på sørsida av Sykkylvsfjorden til Straumgjerde. På Jarnes var det sjøkabel mot sentrum.

Søknad om midlar fjerde gang, gav tilsegn av 23.01.14 på 830 939 kr. Den gjaldt vidare utbygging av fiberstamnett i området frå sentrum i Sykkylven - Vikedalen - Heiane - Tynes med etablering av fiberlinjer som ville knytte Sykkylven kommune til fibernetverket som ville bli framført til Heiane av Statnett.

I alt er det gitt midlar frå staten til fylkeskommunen til kommunen på 4 620 380 kr. Desse er vidareformidla til Sykkylven Energi AS utan at det er gjennomført konkurranse i tråd med dei krav som var sett i brev frå departementet til fylket av 29.04.10. Tilskotet for søknaden andre gong var enn vidare utbetalt direkte frå Møre og Romsdal fylkeskommune til Sykkylven Energi AS. Dei to siste tilskota vart utbetalt 17.03.17.

*a. Kompetent organ*

Det å söke om midlar til utbygging av breiband og det å tildele Sykkylven Energi AS desse midlane, var begge administrative vedtak.

Kommunerevisjonen ser at delegasjonsreglementet som var gjeldande på slutten av 2010 ikkje gav tydeleg rettleiing i høve til å vurdere om dette er avgjersle som ligg til råmannen. Ein kan her likevel merke seg at formannskapet ikkje hadde kompetanse til å uttale seg i *prinsipielle saker vedkommunestruktur/- økonomi, veg-, trafikk- og kommunikasjonsmønster, fylkesplanar og andre planar av overordna regional karakter m.m. som kommunestyret skal ha til handsaming/uttale*. Det refererer seg nok til høringsuttaler, men kan kanskje gi noko rettleiing.

Dei administrative vedtaka vedkjem likevel høve som det er ei stor samfunnsinteresse omkring. Vi kan her også kort nemne at samfunnsplanen vedteke i midten av 2011 hadde identifisert utviklinga innan breiband og fiberteknologi som eit viktig satsingsområde. Den store samfunnsinteressa i seg sjølv, tilseier også at råmannen i alle høve må gjere ei god vurdering av alle sider ved saka, og at denne vurderinga må vere skriftleg. Det ligg ikkje føre noko skriftleg vurdering frå råmannen.

Det nye delegasjonsreglementet som er gjeldande i dag gir ei betre rettleiing, ved at det går fram at saker som vidareutviklar kommunen som organisasjon og samfunn skal handsamast politisk.

Kommunestyret var tydeleg på at dette var ei sak der ein ønsker informasjon.

Informasjonen vart gitt til medlemmane i generalforsamlinga til Sykkylven Energi AS i eit eigarmøte. Medlemmane i generalforsamlinga er og var personidentisk med kommunestyret.

Kommunerevisjonen vurderer det slik at det skulle vore lagt fram ei sak for kommunestyret før interpellasjonen. Når det ikkje vart gjort før interpellasjonen burde det ha vore gjort etter den.

Etter vårt syn ligg det til dette organet å trekke opp retninga i slike saker som det er ei stor samfunnsinteresse omkring.

Det er nok lite usemjje om dette. Når det vart som det vart, så er det nok meir knytt til manglande kapasitet og kompetanse i høve til sakshandsaming, enn at råmannen var at den oppfatning at dette ikkje var noko som vedkjem kommunestyret. Til slutt vil vi nemne at det nok ikkje er uvanleg i Sykkylven kommune historisk, at saker som også skulle ha vore behandla av kommunestyret, berre blir behandla av generalforsamlinga.

*b: Konkurranse på tilskot*

I eit brev frå departementet til fylkeskommunen av 29.04.10 går det klart fram, at ved tildeling av tilskot til breiband skal fylkeskommunen krevje at kommunen gir tilskotet etter konkurranse.

Kommunerevisjonen har ikkje grunn til å tru at råmannen var kjent med dette kravet forut for den første søknaden. Etter vårt syn var truleg heller ikkje fylkeskommunen kjent med dette.

Når det gjeld den tredje søknaden, er det rimeleg å tru at begge då måtte vere kjent med kravet.

Fylkeskommunen må etter vårt syn også vere godt kjent med at ein i Sykkylven kommune ikkje tok sikte på å gjennomføre konkurranse ved vidareformidling av tilskotet. Det går tydeleg fram av alle søknadane at Sykkylven kommune tok sikte på å vidareformidle tilskotet til Sykkylven Energi AS. Det var Sykkylven Energi AS sine planer ein sökte om tilskot til. Kommunen hadde ikkje eigne planer som eit alternativ til Sykkylven Energi AS sine planar.

Det var fylkeskommunen som skulle sette krav om konkurranse ovanfor kommunen som eit vilkår. Det var ikkje gjort, og må etter vårt syn vere formildande i høve til kritikk av råmannen.

Eit anna poeng er at ei forsvarleg skriftleg saksutgreiing som nemnt tidlegare, kunne ha fanga opp

kravet om konkurranse. I mangel av ei planmessig tilnærming frå rådmannen si side, blir drøftinga også litt sirkulær. Utan Sykkylven Energi AS sine planar, hadde ikkje kommunen hatt prosjekt å søke på, og dermed heller ikkje midlar til å ha ein konkurranse på, som Sykkylven Energi AS deretter kunne ha søkt på.

Kommunerevisjonen vil til slutt likevel peike på, at sjølv om ein ikkje er kjent med eit krav om konkurranse kan det vere gode grunnar til å ha konkurranse som eit generelt prinsipp på all tildeling av offentlege midlar. Føremålet med ein konkurranse er å få dei beste løysningane og sikre likebehandling.

#### *c: Tilgang for tredjepart*

Kommunerevisjonen oppfattar problemstillinga om tilgang for tredjepart til å vere ei pågåande klagesak og vi ønskjer av den grunn å ikkje gjere vurderingar av denne saka. Det å få omgjort eit vedtak på må skje i dei ordinære klageinstansar. I kva grad kommunen følger dei retningslinjene dei er underlagt, er etter vårt syn ein viktig del av klagen i denne saka.

Sjølv om vi ikkje vil gjere vurderingar i høve til tilgang for ein tredjepart, har vi likevel prøvd å belyse og gi eit allment innsyn i dei prosessane som har vore i høve til dette. Vi har i rapporten også knytt nokre få merknader som kan vere relevant i høve temaet.

#### **Offentlege anskaffingar**

Sykkylven kommune og Sykkylven Energi AS skreiv under ein avtale datert 09.02.11 om leige av fiberkapasitet mellom Sykkylven kommune sine lokasjonar. Ved utfakturering for 4. kvartal 2017 går det fram avtalen per i dag er knytt til 18 lokasjonar, der 4 barnhagar blir fakturert halv pris, medan dei 14 andre blir fakturert med 2 200 kr per månad. Dette gir 35 520 kr per månad, eller 426 240 kr per år i leige av fiber.

Denne avtalen med Sykkylven Energi AS gjeld leige av fiberforbindelsen mellom dei 18 kommunale lokasjonane. I tillegg til denne fiberforbindelsen må ein ha eit fibermodem i kvar ende, og ei kopling mellom det modem som står hos ein tenesteleverandør og internett.

Utgiftene til breibandtenester inneholder både leige av fiberkabel hos Sykkylven Energi AS og driftskostnadene som følgje av å aksessere internett gjennom desse mørke fiberkablene. Samla var utgiftene til ulike breibandtenester 688 042 kr i 2017. Av dette utgjorde 407 639 kr leie av fiberkabel av Sykkylven Energi AS. Utgiftene til PC Support AS for å aksessere fiberkablene, samt nokre DSL abonnement var 269 049 kr. Dei resterande utgiftene var tre abonnement hos Tafjord, NextGenTel og Telenor.

Sykkylven kommune si anskaffing av breibandtenester utgjer dermed om lag 700 000 kr per år, og er hovudsakleg fordelt mellom Sykkylven Energi AS og PC Support AS.

Avtalen med Sykkylven Energi AS var i utgangspunktet tidsavgrensa i 2 år fram til utgangen av 2013. Når det gjeld avtalen med PC Support AS i høve til breiband er vi ikkje kjent med detaljane i denne. Om ein legg eit grunn eit perspektiv på to år, så gir desse anskaffingane ein samla verdi på 1,4 mill kr, som både var og er over den nasjonale terskelverdi.

Dette er ein type av anskaffingar som det nok er tenleg å ha langsiktige kontraktar på. Slik vi forstår det, har avtalen med Sykkylven Energi AS vore gjeldande også etter 2013. Det tilseier at det kan bli lagt til grunn at avtalane med både Sykkylven Energi AS og PC Support AS, har blitt praktisert som ein løpende avtale, slik at avtaleverdien er 2,8 mill kr. Det er høgare enn EØS-terskelverdien.

Kommunerevisjonen vurderer det slik at rådmannen har ei plikt til å kunngjøre anskaffinga av breiband. Vi ser likevel at unntaket for ein leverandør i marknaden kan vere gjeldande i dette tilfellet. Temaet ein leverandør i marknaden reiser også spørsmålet i kva grad dette gjeld også for dei tenester som PC Support AS yter.

Rådmannen bør etter vårt syn gjere ei vurdering av kor vidt ei oppseiing av avtalen og ein konkurranse, vil kunne gi betre pris og kvalitet. Om rådmannen kjem til den konklusjon, at det berre er ein leverandør i marknaden, så er det rådmannen som har bevisbyrda for at vilkåret er oppfylt.

## **Konklusjonar og anbefalingar**

Problemstilling 1a:

*Har tildelinga av tilskotet vore gjenstand for ei forsvarleg sakshandsaming? Herunder om tildelinga er gjort i kompetent organ?*

Kommunerevisjonen vurderer det slik at det skulle vore lagt fram ei sak for kommunestyret. Det ligg etter vårt syn til kommunestyret å trekke opp retninga når det gjeld utbygging av breiband med bruk av midlar som i siste instans var kommunale.

Problemstilling 1b:

*Har kommunen gjennomført konkurranse på tilskotet i tråd med regelverket?*

Rådmannen har ikkje gjennomført konkurranse i tråd dei krav som var sett. Det var fylkeskommunen som skulle sette krav om konkurranse som eit vilkår ovanfor kommunane. Det var ikkje gjort, og det må etter vårt syn vere noko formildande i høve til kritikk av rådmannen.

Problemstilling 1c:

*Har kommunen stilt krav om tilgang for tredjepart i tråd med regelverket?*

Kommunerevisjonen gjer ikkje vurderingar i høve til tilgang for tredjepart. Dette har samanheng med at dette er ei klagesak, som også er pågående. Kontrollutvalet og kommunerevisjonen har ikkje ei rolle i slike saker. Vi har likevel prøvd å belyse og gi eit allment innsyn i dei prosessane som har vore i høve til dette.

Problemstilling 2:

*Har kommunen skaffa seg breibandtenester i tråd med regelverket?*

Kommunerevisjonen vurderer det slik at rådmannen har ei plikt til å kunngjøre denne anskaffinga av breibandtenester. Vi ser likevel at unntaket for ein leverandør i marknadene kan vere gjeldande i dette tilfellet.

Rådmannen bør gjere ein grundig vurdering av om unntaket er gjeldande.

## Innhold

1.	Innleiring.....	1
1.1	Bakgrunn og bestilling .....	1
1.2	Problemstillingar .....	1
1.3	Avgrensingar .....	3
1.4	Revisjonskriterier .....	3
1.5	Metode og gjennomføring.....	4
1.6	Om tilskotsordninga .....	4
2.	Problemstilling 1: Tilstkotsforvaltning.....	5
2.1	Regelverk .....	5
2.1.1	1a: Kompetent organ .....	5
2.1.2	1b: Konkurranse på tilskot .....	6
2.1.3	1c: Tilgang for tredjepart.....	6
2.2	Søknad om tilskot og tilsegn .....	8
2.2.1	Tilsegn (10-116) om tilskot 2010 av 19.10.10 .....	8
2.2.2	Interpellasjon i kommunestyret av 20.09.10 .....	9
2.2.3	Eigarmøte av 29.11.10 .....	10
2.2.4	Tilsegn (11-210) om tilskot 2011 av 08.12.11 .....	12
2.2.5	Informasjon om midlar 2012 frå aPoint av 14.03.12.....	15
2.2.6	Årsmelding 2011 av 26.04.12 .....	15
2.2.7	Tilsegn (2012-0211) om tilskot 2012 av 24.09.12 .....	16
2.2.8	Tilsegn (2014-0009) om tilskot 2013 av 23.01.14 .....	17
2.2.9	Brev om status og forlenging av frist frå SK til aPoint av 12.11.15 .....	20
2.2.10	Brev om informasjon frå SK til SE av 28.09.16 .....	21
2.3	Tilgang for tredjepart .....	23
2.3.1	Epost frå PCS til SK av 05.01.17 .....	24
2.3.2	Brev frå SK til PCS av 16.01.17 .....	27
2.3.3	Epost frå MRF til PSC av 24.01.17.....	28
2.3.4	Dom i sivilsak mellom PCS og SE av 22.02.17.....	28
2.3.5	Epost om tilgang til mørk fiber av 20.04.17.....	29
2.3.6	Epost frå PCS til SK 19.06.17.....	30
2.3.7	Brev til PCS frå SK av 20.06.17 .....	31
2.4	Klage på Sykkylven Energi AS av PC Support AS .....	31
2.4.1	Brev frå PCS til SK av 29.09.17 .....	31
2.4.2	Svar frå SK til PCS av 04.10.17.....	35
2.4.3	Brev frå PCS til SK av 13.10.17 .....	36
2.5	Vurdering .....	38

2.5.1	1a: Kompetent organ .....	39
2.5.2	1b: Konkurranse på tilskot .....	40
2.5.3	1c: Tilgang for tredjepart.....	40
3.	Problemstilling 2: Offentlege anskaffingar .....	43
3.1	Regelverk .....	43
3.2	Fakta.....	45
3.3	Vurdering .....	46
4.	Konklusjonar og anbefalingar .....	47
	Vedlegg .....	49
	Adminstrasjonssjefens kommentarar .....	49
	Oversikt over sentrale dokumenter og litteratur .....	49
	Gjennomgang av årsmeldingane i Sykkylven Energi AS .....	50

## 1. Innleiing

Denne rapporten dokumenterer vår gjennomgang av Sykkylven kommune si rolle som forvaltar av statlege tilskot til utbygging av breiband.

Det er også sett på offentlege anskaffingar. I dette kapitelet gjer vi greie for bestillinga, og gir i tillegg kort bakgrunnsinformasjon om tilskotsordninga.

### 1.1 Bakgrunn og bestilling

Kontrollutvalet satt opp ei sak 10/17 den 25.04.17 som hadde tittelen: *Vilkår knytt til tilskot til breibandutbygging*. Saksdokumenta var eit brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune datert 03.02.17 og eit brev frå Kommunal- og Regionaldepartementet datert 22.12.10. Desse dokumenta vart lagt fram til orientering og drøfting. Det går fram av protokollen at:

*Roger Welle stilte spørsmål ved eigen habilitet og forlet møtet. Kontrollutvalet vedtok samrøystes at Roger Welle var inhabil etter forvaltningslova § 6, første ledd bokstav a.*

Det går også fram at:

*Ståle Eikrem ba om å få protokollert at han var sterkt uenig i at den inhabile fekk kome til orde.*

*Leiar Rolf Bergmann presiserte at det ikkje skulle skje ei realitetsbehandling av saka, men ei førebels behandling. Han ville høyre begge partane sine syn inkludert ein kort kommentar frå Roger Welle.*

Det låg ikkje føre framlegg til vedtak og Rolf Bergmann fremma følgjande forslag:

*Det blir utarbeidd ei forundersøking for å kunne treffe ei avgjersle om eventuelt å gå inn i saka.*

Ståle Eikrem la fram følgjande forslag:

*Kontrollutvalet tek saka til orientering og ser ingen grunn til å gå vidare med saka.*

Ved voting fekk Rolf Bergmann sitt forslag 3 røyster medan Ståle Eikrem sitt forslag fekk 1 røyst. Med bakgrunn i vedtaket vart det fremma ei sak 22/17 den 25.10.17 med tittel: *Tilskot til utbygging av breiband – konkurranseproblematiske*. Samrøystes vedtak var då:

*Det blir vist til dei problemstillingane som er nemnt ovanfor. Kommunerevisjonen blir bedt om å gjere ei undersøking og legge fram rapport om desse.*

I saka låg det ved eit brev frå Sykkylven kommune til Sykkylven Energi AS av 28.09.16 og ein avtale om leige av fiberkapasitet mellom Sykkylven kommune sin lokasjonar datert 09.02.11.

### 1.2 Problemstillingar

Problemstillingane som det er vist til i vedtaket, går fram av saksutgreiinga. Innelingsvis i saksutgreiinga vart det vist til vedtaket om forundersøking av 25.04.17, og at:

*Kontrollutvalsekretariatet har i ettertid hatt ein dokumentgjennomgang. På bakgrunn av denne gjennomgangen har sekretariatet kome fram til at ei undersøking av kommunen si forvaltning av tilskotsmidlar og handtering av konkurranseregelverket kan vere nyttig å få avklara.*

I saksutgreiinga stod det følgjande om bakgrunnen for saka:

*Sykkylven kommune har motteke tilskot frå More og Romsdal fylkeskommune til utbygging av breiband. I eit brev frå Sykkylven kommune til Sykkylven Energi AS (SE) datert 28.09.2016 går det fram at tilskotet er på 4.051.325 kroner eller meir. Det går vidare fram at deler av tilskotet er utbetalt til Sykkylven kommune og er vidarebetalt til SE. I brevet er det reist spørsmål om to deler av tilskotet er betalt direkte til SE eller kommunen. Det går også fram av brevet at Sykkylven kommune ønskjer å legge til rette for utbygging gjennom det heileigde kommunale selskapet SE. Tilskotet går då til å delfinansiere SE si utbygging.*

*Avtalen som er inngått mellom Sykkylven kommune og SE om Sykkylven kommune sine eigne utbyggingsbehov seier at SE skal utføre det meste av arbeidet med eige personell og eigna utstyr slik at utbygginga vil bidra til reduserte driftskostnader innan definerte område. SE skal etter avtale med Sykkylven kommune bygge eit fibernetverk som vil kople saman kommunen sine lokasjonar gjennom eit knutepunkt i eit offentleg bygg rådhuset eller SE)*

Saksutgreiinga angir problemstillingane, og vi skal her konkretisere desse.

I saksutgreiinga stod det:

*Det er fleire forhold som er av interesse i denne saka. Det eine er om tilskotet skal gå til SE utan konkurranse med andre mulige leverandørar sett opp i mot regelverket for slike tilskot.*

Dette gir problemstilling 1b: **Har kommunen gjennomført konkurranse på tilskotet i tråd med regelverket?**

I saksutgreiinga stod det:

*Det er uklart på noverande tidspunkt om tildelinga har utgangspunkt i ei saksutgreiing frå rådmannen som er politisk eller administrativt behandla. Det er derfor også uklart om avgjersla Sykkylven kommune har gjort er gjort i kompetent organ.*

Dette gir problemstilling 1a: **Har tildelinga av tilskotet vore gjenstand for ei forsvarleg sakshandsaming? Herunder om tildelinga er gjort i kompetent organ?**

I saksutgreiinga vart det vist til eit sitat frå Nkom og til retningslinene til ESA. Deretter stod det:

*Eit punkt i undersøkinga bør vere om SE forvaltar den retten dei har blitt tildelt overfor sluttbrukarane og tilgang for ein tredjepart i samsvar med retningslinene.*

Dette gir problemstilling 1c: **Har kommunen stilt krav om tilgang for tredjepart i tråd med regelverket?**

I saksutgreiinga stod det også følgjande:

*Eit anna punkt er om sjølve utbygginga som kommunen har gjort til eigen bruk kan skje utan konkurranse og om dette er i samsvar med lovverket om offentlege innkjøp.*

Dette gir problemstilling 2: **Har kommunen skaffa seg breibandtenester i tråd med regelverket?**

I saksutgreiinga stod det også at:

*Aktiviteten «fiberutbygging» vart først nedfelt i vektekten til SE frå desember 2014. Eit selskap sitt vedteksfesta verkeområde bestemmer den ytre grensa for kva selskapet kan drive med. Det blir vist til krav i aksjelova om at vektekten skal vise kva som er selskapet si verksemد.*

I kva grad Sykkylven Energi AS driv i tråd med sitt føremål, bør etter vårt syn bli svart på innanfor ramma av selskapskontrollen. Vi viser her til sak 12/17 i kontrollutvalet av 25.04.17, der det vart vedteke ein selskapskontroll av Sykkylven Energi AS, etter ei nærmere prosjektskisse.

Vi vil her likevel gi ein kort kommentar til spørsmålet.

Medlemene i kommunestyret som også er medlemene i generalforsamling, må etter vårt syn ha vore godt kjent med at Sykkylven Energi AS var i ferd med å utvikle eit forretningsområde innan fiberutbygging. Vi vil her vise til seinare i denne rapporten. Vi vil vi vise til interpellasjonen av 20.09.10, og epostveksling mellom ordføraren og selskapet dagen etter. Det blir også vist til eigarmøtet av 29.11.10. Det at medlemene i kommunestyret er kjent med dette, er likevel ikkje det same som det å invitere til ein prinsipiell debatt i kommunestyret som organ.

Sykkylven Energi AS tok over VAR-området frå kommunen 01.01.02. Det går fram av årsmeldinga for 2002 at selskapet var delt inn i følgjande forretningsområde: Kraftomsetning, produksjon, distribusjon, vatn, avløp, renovasjon og øvrig. Forretningsområdet fibernet vart skilt ut frå øvrig som eit eige område i 2010 – 2011. Investeringsutgifter til fibernet vart aktivert første gang i 1998. Vi viser til vedlegg der vi har gjort ein rask gjennomgang av årsmeldingane frå 2002 og fram til 2016. Det går der fram at det i heile perioden er gjort greie for aktivitetane som selskapet har hatt inn mot fibernet.

Slik vi oppfattar det, er kravet om å angi føremål hovudsakeleg meint å beskytte eigarane. Det at ein må angi verksemda set heller ikkje nødvendigvis særleg strenge rammer for kva selskapet kan drive med. Det er heller ikkje uvanleg at energiverk er engasjert i høve til fiberutbygging. Det hadde vel kanskje vore meir uvanleg at Sykkylven Energi AS ikkje hadde vore engasjert i slik aktivitet, sett i samanheng med at det er store fordelar med å samordne fiber, straum, vatn og kloakk. Føremålet til Sykkylven energi AS var sist endra 03.11.15, og er no formulert slik:

*Oversøring av elektrisk kraft med høg leveringssikkerheit og leveringskvalitet til kundar i Sykkylven kommune og produksjon av elektrisk energi i eigne krafstasjonar. Selskapet skal vidare yte gode og sikre tenester innan vassforsyning og avløp (VA) til innbyggjarane i Sykkylven. I tillegg skal selskapet bygge og vedlikehalde infrastruktur for fiberbaserte kommunikasjonsløysingar. Selskapet kan og delta i andre aktivitetar som heng naturleg saman med energi-, kommunikasjon og VA-relaterte tenester eller gjennom deltaking i andre selskap.*

### 1.3 Avgrensingar

Det er Sykkylven kommune si rolle som tilskotsgivar og kommunen si anskaffing av breiband som er tema for rapporten. Sykkylven kommune si rolle som eigar av Sykkylven Energi AS har ikkje vore gjenstand for vurderingar. Som nemnt ovanfor, må ramma for dette etter vårt syn vere ein selskapskontroll. I kva grad Sykkylven Energi AS bør gi tilgang til fibernetet eller betale tilbake tilskotet, er med andre ord ikkje eit vurderingstema i denne rapporten.

### 1.4 Revisjonskriterier

I følgje forskrift om revisjon skal det etablerast revisjonskriterier ved gjennomføring av i forvaltningsrevisjon. Revisjonskriterier er dei krav og forventningar som revisor gjer sine vurderingar opp imot.

I denne rapporten er kriteria utleia frå følgjande kjelder:

- Kommunelova

- Forvaltningslova
- Brev fra KRD til MRF datert 29.04.10 (Konkurranse)
- Brev fra KRD til MRF datert 29.12.10 (Tilgang tredjepart)
- Lov om offentlege anskaffingar med forskrift og rettleiar.

Kriteria er meir konkretisert under kvar problemstilling seinare i rapporten.

## 1.5 Metode og gjennomføring

Denne gjennomgangen er basert på skriftlege kjelder som er blitt innhenta.

Kommunerevisjonen har gjennomført eit møte med leiar i kontrollutvalet, kontrollutvalssekretariatet, PC Support AS 21.09.17, altså i forkant av vedtak i kontrollutvalet 25.10.17. Det er gjennomført eit møte med økonomisjef 10.01.18, og ein telefonsamtale av 14.02.18. Det er også gjennomført eit møte med Sykkylven Energi AS 12.03.18. Alle desse møte har vore lite formaliserte, og har samanheng med innhenting av informasjon. Vi har ikkje gjennomført intervju som er innarbeidd som eit faktagrunnlag i rapporten.

## 1.6 Om tilskotsordninga

Tilskot til utbygging av breiband var i perioden 1999 og fram til 2008 knytt til Høykom-programmet. Frå 2005 vart innretninga på programmet endra til i større grad å gi tilskot til etablering av breibandinfrastruktur. Midlane vart løyvd over budsjettet til fleire departement og deretter fordelt av Høykom. Midlane fra KRD til fylkeskommunane til breibandutbygging har vore basert på løyvingar over kap. 551 post 61 *Næringsrettede midler til regional utvikling, kompensasjon for økt arbeidsgiveravgift*. Restbeløpet av desse løyvinga har frå 2007 vore prioritert til auka dekking av breiband. Frå og med 2014 vart dette restbeløpet, saman med midlar over Samferdselsdepartementet sitt budsjett forvalta av Post- og teletilsynet.

I statsbudsjettet for 2010 vart det gjort greie for statusen vedkomande utbygging av breiband. Det stod:

*I et internasjonalt perspektiv har Norge en meget høy bredbåndsdekning. Det norske bredbåndsmarkedet kjennetegnes i dag av sterk vekst i både markedet for mobilt og fast bredbånd. Flere steder i landet tilfredsstiller likevel ikke kapasiteten på overføringene næringslivets og husholdningenes behov. Begrenset kapasitet kan bl.a. ha betydning for innovasjonsevne, verdiskaping og bedrifters lokalisering.*

*En interdepartemental arbeidsgruppe avgja høsten 2009 rapporten Mål og virkemidler for bredere bredbånd. Rapporten inngår i grunnlagsmaterialet for senere beslutninger om bredbåndspolitikken.*

*Arbeidsgruppen anbefaler at det fortsatt prioriteres å skaffe samtlige husstander et bredbåndstilbud. Flere målsetninger for bredbåndskapasitet er vurdert.*

*Arbeidsgruppen anser at en velutviklet bredbåndsinfrastruktur med høy kapasitet er viktig for en effektiv og velfungerende økonomi og for å nå sentrale mål for samfunnsutviklingen.*

*Den finner det tvilsomt at bredbåndstilbyderne kan gi et tilstrekkelig bredbåndstilbud til alle på kommersielt grunnlag.*

Kommunar kan søke om midlar via fylkeskommunen som prioriterer og innstiller prosjekta. Post- og teletilsynet tek i dag den endelige avgjerda ved fordeling av midlane.

## 2. Problemstilling 1: Tilskotsforvaltning

### 2.1 Regelverk

#### 2.1.1 1a: Kompetent organ

Kommunelova § 6 angir at kommunestyret er det øvste kommunale organet. Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen om ikkje noko anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak. Kommunestyret kan delegera både i form av eit generelt reglement og i konkrete enkeltsaker.

Sjølv om kommunestyret står særst fritt når det gjeld å deleger avgjerdsmakt, finst det nokre grenser. Ein del saker må kommunestyret avgjere sjølv. Som oftast vil dette gå fram av at uttrykket *sjølv* er knytt til den aktuelle kompetansen. Slike delegeringssperre finn vi mellom anna i kommunelova § 22 nr. 2 (tilsetjing av administrasjonssjef), § 44 nr. 6 (økonomiplan) og § 45 nr. 2 (årsbudsjett).

Den omfattande saks mengda kommunane har, og dei mange avgjerdene ein kommune må ta, tilseier at alle kommunestyre må vedta eit delegeringsreglement. Dette var bakgrunnen for at Stortinget i 2012 vedtok ein regel om at kommunestyret sjølv skal fastsette reglement for delegering av avgjerslemynde innan 31. desember i året etter at kommunestyret er konstituert, jmf. kommunelova § 39 nr. 2.

I forarbeidet til denne lovendringa i 2012 stod det at:

*Kommunestyret kan etter kommunelova § 8 nr. 3 deleger avgjerdsmakt til formannskapet. Det same gjeld for faste utval, jf. Kommunelova § 10 nr. 2. Det er berre lovbestemte delegeringsforbod som set grenser for denne retten til å deleger. Det inneber at kommunestyret i stor grad kan deleger til andre folkevalde organ.*

Og at:

*Kommunelova § 23 nr. 4 gir eit folkevalt organ heimel for å deleger til administrasjonssjefen. Delegeringsretten etter § 23 nr. 4 er materielt avgrensa til å gjelde vedtak i enkeltsaker eller saker som ikkje er av prinsipiell interesse. Det ligg i systemet i kommunelova at vedtak i prinsipielle og politiske spørsmål berre kan gjerast av folkevalde organ, ikkje av administrasjonen.*

Det er gjennom delegasjonsreglementet at ein må tydeleg definere kva som skal handsamast politisk og kva som kan delegerast til administrasjonen.

I delegasjonsreglementet gjeldande frå 01.01.08 er det lista opp konkrete saker der kommunestyret sjølv skal fatte vedtak. Denne opplistinga var langt på veg samanfallande med ei opplisting av saker som ulike lovar allereie sett delegeringsforbod mot. En gjennomgang av dette reglementet gav ikkje særleg rettleiing i høve til eit tema som breibandutbygging. Det var likevel gjort følgjande avgrensinger mellom kommunestyret og formannskapet:

*Formannskapet uttalar seg på kommunen sine vegne i saker av overordna generell karakter frå sentralt hald (stat, fylke, m.m.) med unntak av prinsipielle saker vedk. kommunestuktur/- økonomi, veg-, trafikk- og kommunikasjonsmønster, fylkesplanar og andre planar av overordna regional karakter m.m. som kommunestyret skal ha til handsaming/uttale.*

Det nye delegasjonsreglementet - som erstatta delegeringsreglement frå 01.01.08 - vedteke i kommunestyret 12.12.17, er noko meir tydeleg. Under generelle reglar om utøving av delegert

fullmakt går det fram under punkt 1 at eit av formåla med reglementet er å:

*... sikre at saker som vidareutviklar kommunen som organisasjon og samfunn vert handsama politisk, og at saker som er av formell og gjennomførande karakter vert handsama administrativt*

Uavhengig av kven som har kompetanse til å fatte ei avgjersle, gjeld dei ulovfesta krava i forvaltningslova. Eit av dei grunnleggjande krava er at alle avgjersle skal vere basert på ei forsvarleg sakshandsaming. Jo meir viktig ei sak er, jo strengar bli kravet. Prinsippet er også knytt til dei vurderingane som forvaltninga gjer. I dette ligg mellom anna at forvaltningsorganet ser på dei ulike sider av ei sak, og veg dei dei forskjellige moment mot kvarandre.

Forvaltningslova § 23 stiller også krav om at vedtak skal vere skriftleg, om ikkje dette av praktiske grunner er særleg byrdefullt for forvaltningsorganet. I viktige saker er dette særleg viktig, slik at andre også kan etterprøve dei vurderingane som er gjort. Det igjen sikrar ein god allmenn tillit til dei avgjerslene som Sykkylven kommune gjer.

#### 2.1.2 1b: Konkurranse på tilskot

I eit brev frå Kommunal- og regionaldepartementet til Møre og Romsdal fylkeskommune datert 29.04.10 gjer departementet greie for føresetnadene for tilskotet som vart gjort over statsbudsjettet for 2010 i hove til *Kap. 551 post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift*. Brevet vedkjem rammene for restmidlane, og det blir presisert at utbygging av breiband skal prioriterast.

I brevet var det stilt følgjande: *Krav i samband med breibandsutbygging:*

*Ved tildeling av tilskot til breiband må fylkeskommunane setje desse krava:*

1. *Tilskotet skal nyttast til å bygge ut infrastruktur for breiband.*
2. *Tilskotet skal bli gitt etter konkurranse for å sikre best mogleg utnytting av tilgjengelege middel.*
3. *Tilskotet må sikre at både husstandar, næringsliv og offentleg sektor blir dekte i utbyggingsområda.*
4. *Tilskotet må sikre at det blir høve til konkurranse på tenester og innhald.*

Fylkeskommunen skulle dermed, jmf. punkt 2, stille krav til Sykkylven kommune om at vidareformidlinga av tilskotet frå kommunen til andre skal skje etter konkurranse. I dette ligg eit krav om at fylkeskommunen bør gjere kommunane kjent med dette kravet på ein tydeleg måte.

#### 2.1.3 1c: Tilgang for tredjepart

I brevet nemnt ovanfor, datert 29.04.10, stod det avslutningsvis også følgjande:

*ESA har nyleg fastsett nye retningslinjer for offentleg støtte til bygging av raskt breiband for å sikre konkurransen og unngå at private investeringar blir fortrengd av prosjekt med offentleg støtte. Fylkeskommunane bør vere merksame på tilhøve som gjeld kartlegging av breibandstilbodet, anbod, høve til tilbakebetalingar og teknologinøytralitet. Retningslinjene ligg her: <http://www.eftasurv.int/>.*

I eit brev frå Kommunal- og regionaldepartementet til Møre og Romsdal fylkeskommune datert 29.12.10, vart det vist til: *tildelingsbrev av 29. april 2010 vedrørende fordeling av restmidler over kap 551 post 61, øremerket bredbåndsutbygging.*

Og at:

*Departementet gjorde i dette brevet oppmerksom på ESAs retningslinjer for offentlig støtte til bredbåndsutvikling*

I brevet gav departementet informasjon om kva måte fylkeskommunen kunne sikre at midlane vart forvalta i tråd med ESA sine retningsliner. Desse retningslinjene drøftar når ein offentleg inngrisen er i samsvar med EØS-avtalen. Brevet vedkjem hovudsakleg kva fylkeskommunen og kommunen må vere merksam på i høve til å gi ulike geografiske områder offentleg støtte.

I brevet går det i tillegg til dette, også fram følgjande:

*Dersom kompensasjonen av bredbåndsutbyggingen utformes som en tjeneste av allmenn økonomisk interesse forutsetter dette leveranse av en passiv, nøytral og fritt tilgjengelig infrastruktur. Et slikt nett skal gi adgangsinteresserte alle mulige former for nettilgang og gi mulighet for effektiv konkurrans på detaljnivå, og dermed sikre sluttbrukerne konkurranseutsatte og økonomisk overkomelige tjenester.*

Møre og Romsdal fylkeskommune sendte 03.02.17 eit brev om informasjon om regelverket for støtte til breibandsutbygging i perioden 2010-2014. Innleiingsvis stod det at brevet var sendt til alle kommunar i Møre og Romsdal som hadde fått støtte til utbygging av breiband. Det vart vist til ei problemstilling som hadde dukka opp i ein av kommunane. Vidare at fylkeskommunen beklaga at denne informasjonen ikkje vart gitt då tilskotet vart delt ut, men at det ikkje fritek kommunen og utbyggar frå å innrette seg etter vilkåra.

Brevet av 03.02.17 viste til brevet frå departementet datert 29.12.10, som også låg ved. Det vart vist til sitatet ovanfor, og det vart gitt følgjande konklusjon:

*Dette betyr i praksis at utbyggar som har fått offentleg støtte må gje andre leverandørar av breibandstjenester tilgang til å levere tenester til sluttbrukarane, og det skal skje på ikkje-diskriminerande vilkår (til marknadspris). Dette vilkåret gjeld i sju år etter at infrastrukturen er ferdigstilt og tatt i bruk.*

Og at:

*Fylkeskommunen ber kommunane sjå til at regelverket vert følgt, dersom ei slik problemstilling skulle dukke opp.*

Til slutt stod det at: *Meir info om breibandstøtte vert snart publisert på [www.nkom.no](http://www.nkom.no). Og at: Fylkeskommunen tilbyr inntil 7,5 timer gratis rådgjeving gjennom firmaet aPoint til kommunar som ynskjer å søkje.*

## 2.2 Søknad om tilskot og tilsegn

I dette kapittel skal vi gå gjennom dei ulike tilsegn om tilskot som Møre og Romsdal fylkeskommune har gitt Sykkylven kommune, og anna informasjon som vedkjem desse.

Det er gitt fire tilsegn framstilt i følgjande tabell:

	Tilskot	Totale kostnader
Tilsegn (10-116) om tilskot 2010 av 19.10.10	1 128 186	3 390 000
Tilsegn (11-210) om tilskot 2011 av 08.12.11	2 026 992	6 124 156
Tilsegn (2012-0211) om tilskot 2012 av 24.09.12	652 608	3 684 508
Tilsegn (2014-0009) om tilskot 2014 av 23.01.14	830 939	3 633 340
	<b>4 638 725</b>	<b>16 832 004</b>

Samla er det gitt 4 638 725 kr i tilskot til fire prosjekt med 16 832 004 kr i totale kostnader.

### 2.2.1 Tilsegn (10-116) om tilskot 2010 av 19.10.10

Tilsegn om tilskot for 2010 vart sendt 19.10.10. I brevet stod det at Regional- og næringsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune etter fullmakt hadde gjort slikt vedtak:

*Møre og Romsdal fylkeskommune v/regional- og næringsavdelinga løyver Sykkylven kommune, eit tilskot på inntil kr 1 128 186,- til utbygging av breiband fase VI.*

*Tilskotet er avgrensa til 33 % av totale kostnader kr 3 390 000,-.*

Til grunn for vedtaket var eit utbyggingsbehov på kr 3 390 000 kr, som vart finansiert med 1 128 186 kr i tilskot og 2 261 814 kr i eigenfinansiering.

Resultatmåla for prosjektet var slik:

*Målet med prosjektet er å bygge ut breibandtilgang til område i kommunen som i dag ikkje har eit tilfredsstillande tilbod, og som ikkje vil få eit slikt tilbod utan offentlege tilskot. Områder som vil få tilgang på breiband gjennom prosjektet er vist i kontrakten med utbyggar.*

I tilsegna går også vilkåra fram. Eit av krava var eit sluttrekneskap godkjent av revisor. Det går ikkje fram eit krav om konkurranse ved vidareformidling av tilskotet.

Sykkylven kommune ved rådmannen hadde sendt ein søknad om dette tilskotet til utbygging av fibernet datert 30.08.10 til Møre og Romsdal fylkeskommune. Innleiingsvis stod det at:

*Prosjektet går ut på å føre fiberkabel i sjøen (Storfjorden) frå eksisterande fibernet i Hareid, om Vartdal (i Ørsta kommune), og vidare til Hundeidvik (i Sykkylven kommune). Frå Hundeidvik skal fiberkabelen strekkast på eksisterande 22kV-luftlinje til Jarnes der han skal koplast mot eksisterande fibernet eigd av Sykkylven Energi AS. Sykkylven Energi AS er 100% eigd av Sykkylven kommune.*

I søknaden vart det gitt informasjon om planlagd anlegg, utarbeidd av Tussa Kraft AS og Sykkylven Energi AS. Det stod mellom anna at:

*Anlegga vil legge til rette for mating av fiber til om lag 3000 husstandar (om lag 7600 innbyggjarar) og ca 300 næringskundar i Sykkylven kommune, i tillegg til ein rekke kommunale/fylkeskommunale skular og institusjonar. Prosjektet vil også gje innbyggjarane i kommunen eit nytt alternativt breibandtilbod, slik som XDSL eller*

*radio frå lokale basestasjonar. Anlegga vil gjere samanknytinga mellom kommunale lokasjonar enklare. Vidare vil dette anlegget legge til rette for kommunal tilgong til eigen infrastruktur i kontakten med omverda og evt. framtidig interkommunalt samarbeid.*

Det var i søknaden også sett opp eit anslag på kostnadane som det vart søkt om støtte til.

Under strekninga *Korshamn (Hareid) – Hundeidvik* stod det:

*Eit anlegg bygt på høgspentmaster, grøfteanlegg, lågspentstolpar samt to sjøkablar. Anlegget vil gje høghastigkeit internettaksess til fibernet i Sykkylven kommune. Tussa vil mest sannsynleg eige fibernettet på nemnte strekning, medan Sykkylven Energi AS skal ha tilgang til naudsynte fiberpar for transport av tenester knytt til eiga fibersatsing i Sykkylven.*

*Total lengde: 27000 m*

*Type framføring: Høgspent, lågspent, grøfteanlegg og sjøkabelanlegg.*

*Antal fiber: 48*

*Pris: kr. 7.050.000,-*

*Ferdig: i løpet av 2011/2012*

Under strekninga *Hundeidvik - Jarnes* stod det:

*Eit anlegg bygt på høgspentmaster, grøfteanlegg og lågspentstolpar. Sykkylven Energi AS vil eige denne delen av nettet medan Tussa skal ha tilgang til naudsynte fiberpar for transport av tenester fram til node-punkt.*

*Total lengde: 10100 m*

*Type framføring: Høgspent, lågspent og grøfteanlegg.*

*Antal fiber: 48*

*Pris: kr. 3.350.000,-*

*Ferdig: i løpet av 2011/2012*

Dette oppsettet gir ein total kostnad på 3 350 000 kr for den del av prosjektet som Sykkylven Energi AS skulle eige. Kommunerevisjonen er ikkje kjent med kva som ligg i forskjellen mellom dette og tilsegnar der det stod 3 390 000 kr i totale kostnader.

I søknaden var ein tilsett frå Sykkylven Energi AS oppgitt som: *Øvrig kontaktperson*.

## 2.2.2 Interpellasjon i kommunestyret av 20.09.10

Sykkylven Senterparti v/Odd Jostein Drotninghaug la fram ein interpellasjon i kommunestyret om utbygging av fibernet i Sykkylven i møte 20.09.10. Sykkylven kommunestyre gjorde følgjande samrøystes vedtak i tråd med framlegget frå Senterpartiet:

1. *Sykkylven kommunestyre ber om at det kjem fram sak til kommunestyret der det vert orientert om moglege planar Sykkylven Energi AS har. Så langt det er mogleg vil ein og ha fram opplysningar om kva andre aktørar kan levere i vår kommune.*
2. *Kommunaldepartementet har løyvd midlar til utbygging av breibandnett, og kommunestyret ber og om ei vurdering om her er midlar ein kan få tilgang til, for å sikre ei god utbygging i vår kommune.*

Dagen etter, 21.09.10, sendte Sykkylven Energi AS ein epost til ordføraren der det innleiingsvis vart vist til denne interpellasjon. Vidare stod det at:

*Som vi har snakket om tidligere, stiller SE gjerne i kommunestyret for å informere om det arbeidet og de vurderingene som er gjort rundt fiber samt hvilke tanker SE gjør seg for fremtiden.*

Og at:

*Det har i lengre tid også vore drøfta behovet for at SE stiller i kommunestyret for å informere om diverse prosjekter samt la eierskapet få stille spørsmål. Nevner her saker som nettleige, hovedplan avløp, VAR-gebyrprosjektet, utvikling av selvkostfond m.fl.*

*Dette kunne selvsagt la seg kombinere.*

*Ser at neste kommunestyremøte er 18. oktober. Passer dette for dere?*

Ordføraren svarte tilbake at han trudde det ville passe, og at både fiber og dei andre sakene var noko ein kunne komme tilbake til. I høve til møtet dagen før stod det at:

*Eg svarte berre kort i går om at vi har hatt møte og at det er sendt søknad på statlege midler, og at SE vil orientere politikarane om saka litt seinare i haust.*

Selskapet gav tilbakemelding om at dei ville reservere denne datoan knytt til neste kommunestyremøte den 18.04.10, og at dei ville møte etter nærmere avtale. Det stod til slutt at:

*Synes du det er best å ta ei slik orientering i samband med et kommunestyremøte eller kan det være like greit å innkalle til et eget "eigarmøte"?*

Ordførar svarte slik same dag:

*Eg skal ta ein prat med rådmannen om dette. Kanskje kunne det vere på sin plass med eit eigarmøte. Kjem tilbake på dette.*

Melding om vedtaket vart formelt oversendt til Sykkylven Energi AS i eit brev datert 28.09.10.

### 2.2.3 Eigarmøte av 29.11.10

Det vart gjennomført eit eigarskapsmøte 29.11.10. Eigarane vart representert ved medlemene i kommunestyret som utgjer generalforsamling i selskapet. Det ligg føre ein presentasjon frå dette møtet, og den hadde følgjande tema:

- Hovudutfordringar innan vassforsyninga i Sykkylven.
- Ny hovudplan for avløp – Kva utfordringar står vi ovanfor?
- Fiberutbygging – Status og framdrift for ei evt. utbygging.
- 420 kV linje – Konsekvens for forsyningssikkerheit og for nettet til Sykkylven Energi AS.

Innleiingsvis i presentasjonen vart det vist eit organisasjonskart der *Produksjon og Fiber* var satt opp som eit eige forretningsområde på linje med dei to andre forretningsområda *Distribusjon* og *VAR*. Presentasjonen gav også eit oversyn over selskapet sine planlagde investeringar i perioden 2011 til 2014, og utviklinga i eigenkapitalen som følgje av dette. Samla la selskapet opp til å investere 200 mill kr, der 30 mill kr og 20 mill kr var knytt til investeringar ved Riksheim for respektivt 2011 og 2012. Under det som vart referert til som *Ikke vedtatt investering fiber* var det ført opp 10 mill kr, 10 mil kr, 20 mill kr og 10 mill kr i respektivt 2011, 2012, 2013 og 2014.

Vi vil nedanfor gje att dei sju PowerPoint sidene som vedkjem *Fiberutbygging – Status og framdrift*. Desse var:

1: Mål for prosjektet (intensjon).

- Ønske om tilby høgkapasitets breiband (fiber) til industri, næringsliv, offentleg verksemd og private hushaldningar i Sykkylven kommune.
- ”Gi liv til eit samfunn i utvikling”.

2: Historikk.

- 1998: SNU er aktiv pådrivar (-og PC-Support).
- 1999: Enitel bygg fiberkabel mellom Sykkylven Trafost. – SE – Sentrum – Kommunehuset. Kommunikasjon mot Ålesund via radiolink.
- 2001: Enitel konkurs. BaneTele seinare Ventelo tek over.
- 2003: Fiberanlegg i Riksheimdalen for fjernkontroll eigne anlegg.
- 2005: Fiberkabel Haugneset – Ekornes.
- 2009: Ekornes ASA inn som første kunde (Internt samband).

3: Klargjering for fiberanlegg siste 10-15 år:

- SE legg rør for fiberkabel i alle opne grøfter.
- Rør inn i dei fleste nye bustadhús.
- Rør for fiberkabel integrert i kabelkonstruksjonen.
- Mange km rørtracèar tilgjengelege.
- Mulig å strekke i luftlinjene (om rør ikkje er tilgjengeleg).
- Tracèar registrert og plassert i kartsystemet gir lett oversikt og planlegging.

4: Kva kan leverast?

- Fastlinje for industri og næringsliv.  
Fjerndrift av nett / server (samarbeid med PC Support).  
Internett.
- ”Tripple Play” til hushaldningar  
Internett.  
TV / Video.  
Telefoni.
- ????

5: Forprosjekt styrebehandla i desember 2009.

- Avhengig av samarbeidspart.
- Samtaler med PCS, Tussa og Tafjord. Alle tre ønsker samarbeid.
- Tilknytning til omverda er ei utfordring.
- Ulik risiko ved ulike modeller.
- Kostandsberekna til ca 50 mill basert på grove estimat og gjennomsnittsbetraktninger.
- Betydelig negativ nåverdi.

6: Utfordringar framover.

- Kartlegging av tracèar for stamnett (ferdig).  
Kartlegging i 5 område i sentrum – 14 km (Tynes – Ørsnes).  
Straumgjerde – 8 km.  
Hundeidvik – 10 km (Høykomm-midlar).
- Kartlegging av privatmarket og kvalitetssikring kostnader.
- Avklare lønnsomheit i utvida prosjekt.
- Tilknyting til omverda – redundans (tildeling Høykomm).
- Finansiering.
- Etablere samarbeidsavtale med strategisk samarbeidspart.
- Bygge kompetanse.

7: Veien videre

- Møte / forhandlinger med potensielle samarbeidspartnere.  
Inngå samarbeidsavtale for bedriftssatsing og privatsatsing.
- Styrebehandling vinter 2010/2011.
- Mulig oppstart vår 2011.  
Bygge stamnett.  
Avtalar mot industri / næringsliv og offentleg verksemnd.
- 2011 - 2015?  
Sal / utbygging til hushaldninger.

#### 2.2.4 Tilsegn (11-210) om tilskot 2011 av 08.12.11

Tilsegn om tilskot 2011 vart sendt 08.12.11. I brevet stod det at Regional- og næringsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune etter fullmakt hadde gjort slikt vedtak:

*Møre og Romsdal fylkeskommune v/regional- og næringsavdelinga løyver Sykkylven kommune, eit tilskot på inntil kr 2.026.992,- til utbygging av breiband fase VII.*

*Tilskotet er avgrensa til 33 % av totale kostnader kr 6.124.156,-.*

Til grunn for vedtaket låg eit utbyggingsbehov på kr 6 124 156 kr som vart finansiert med 2 026 992 kr i tilskot og 2 261 814 kr i eigenfinansiering. Vilkåra for utbetaling var lik dei som låg ved tilsegn for 2010.

Sykkylven kommune ved rådmannen hadde sendt ein søknad om tilskot til utbygging av fibernet datert 26.05.11 til Møre og Romsdal fylkeskommune. Innleiingsvis stod det at:

*Prosjektet går ut på å bygge eit "stamnett" frå eksisterande fiber infrastruktur i sentrumsområdet, sørover mot Straumgjerde og Velledalen. Dette nettet vil så vere eit utgangspunkt for å bygge fiberbasert spredenett mot næringsliv, offentlege institusjonar og private bustadar. Desse områda har ikkje i dag eit tilbod om fiberbasert breibandsnett, kun eit tilbod basert på gamle koparkablar av varierande kvalitet.*

Det stod også at:

*Når det gjeld fiberanlegg er det i 2011 starta utbygging mot næringsliv og kommunale institusjonar i sentrumsområda, i tillegg til at det ved hjelp av høykomm-midlar vert*

*bygd nett mellom Ekornes og Hundeidvik.*

*Planane er utarbeidd i samarbeid med Sykkylven Energi AS, som er 100% eigd av Sykkylven kommune.*

Det vart gitt noko meir utfyllande informasjon om planane. Det stod at:

*Prosjekttracèen vil starte på Ekornes og gå delvis i eksisterande rør og delvis i eksisterande lavspentlinje på sørsida av Sykkylvsfjorden til Straumgjerde. Vidare skal fiberkabelen strekkast i eksisterande høgspentlinje på austsida av Fetvatnet og vidare opp gjennom Velledalen til Drotninghaug. Det vil i tillegg bli behov for mindre lengder nye grøfter.*

*Tilkopling til eksisterande fiberkabel/nett på Jarnes ved møbelverksemda Ekornes ASA (som har sjøkabel vidare mot Sykkylven sentrum).*

I søknaden vart det så satt opp eit slikt kostnadsanslag:

<b>Lengder og kostnad for stamnett (eks. mva.)</b>	[m]	[kr]
Nytt luftlinjeanlegg - I eksisterande lavspentlinje	2 105	490 503
Nytt luftlinjeanlegg - I eksisterande høgspentlinje	9 680	2 568 570
Nytt jordkabelanlegg - Kun fiber	2 167	1 548 044
Nytt jordkabelanlegg - I ledige rør	5 400	1 477 039
<b>Sum Ekornes - Straumgjerde - Drotninghaug</b>		<b>6 084 156</b>

Dette oppsettet gir ein total kostnad på 6 084 156 kr. Kommunerevisjonen er ikkje kjent med kva som ligg i forskjellen mellom dette, og tilsegsna der det stod 6 124 156 kr i totale kostnader.

Til slutt stod det at:

*Ein vil i 2012 prioritere å kunne levere fiberkabel til næringsliv og offentlege institusjonar. Anlegget vil også legge til rette for mating av fiber til omlag 350 husstandar i Straumgjerde-området og omlag 220 husstandar i Velledalen.*

Sykkylven kommune ved rådmannen sendte ein søknad datert 09.02.12 om å gjere ei endring i høve til tilskotet som det vart søkt for i 2011. Det stod at:

*Det vart i fjor søkt om støtte for utbygging av fibernett mot Straumgjerde og Velledalen. Av prosjektkostnadane på kr. 6.084.156 vart det gitt tilsegn om kr. 2.026.992 i støtte,*

*Utbygging av fibernett i Sykkylven er ei prioritert oppgåve. Det har det siste året blitt brukt myke tid på å planlegge, prosjektere og å kome i gang med utbygging av eit sentralt stamnett i det utvida sentrumsområdet i Sykkylven. Utbygginga er viktig for næringslivet, legg til rette for Fiber Til Heimen (FTH), og vil vere svært positiv for kommunen.*

*VI ser at arbeidet med sentralt stamnettet er omfattande. Denne fasa av utbygging av fibernettet må ferdigstilla før vidare utbygging. Med dette som bakgrunn er planlagd utbygging av fibernett mot Straumgjerde og Velledalen utsett noko i tid,*

*(...)*

*Med dette som bakgrunn ønsker vi å om disponere tildelte høykomm-midlar frå "Straumgjerde og Velledalen" til "Sentralt Stamnett".*

Informasjon om planlagd anlegg:

*Prosjektet det vert søkt om går ut på å bygge eit "stamnett" mellom Ørsneset, Tynes og Ekornes. (...) Nettet vil også vere viktig i forhold til vidare utbygging av fibernett i*

*communen.*

*Utbygginga vil basere seg på å utnytte eksisterande og tilgjengeleg rør-infrastruktur, men også ein god del nye grøfter. Strekking i lav- eller høgspentlinje der dette er gunstig. Det må etablerast 2-3 noderom for montering av utstyr.*

Det går fram av brevet at bygginga ville ha følgjande investeringsbehov:

Stamnett Sentrum	2012
Innkjøp av materiell	950 000
Løn relatert til Investeringar	1 600 000
Innleigde entreprenørtenester	2 500 000
Eksisterande rør	1 122 000
Noderom	200 000
<b>Sum prosjektkostnader</b>	<b>6 372 000</b>

Det vart gitt eit svar på denne søknaden om endring av tilskotet for 2011 frå aPoint i ein epost av 07.03.12. Det stod at:

*Den reviderte utbyggingsplanen kan godkjennes, men tilsagnets størrelse kan ikke utvides.*

*Dvs at maks tilskudd til revidert prosjekt vil være kr. 2 026 992, selv om totalkostnad for revidert prosjekt er noe høyere enn i opprinnelig søknad.*

*For øvrig gjelder alle øvrige forutsetninger etc. for tilskudd som angitt i tilsagnsbrev.*

Sykkylven kommune sendte ein sluttrapport og oppmoding av utbetaling av tilskotet datert 12.06.13. Det stod at:

*I utgangspunktet var 11-210 eit prosjekt for utbygging av strekninga Ekornes - Straumgjerde - Velledalen. Av prosjektkostnadane på kr 6.084.156 vart det gitt tilsegn om kr. 2.026.992 i støtte.*

*Gjennom endringssøknad i februar 2012 vart det søkt om og seinare gitt aksept for, at aktuelt utbyggingsområde vart endra til å omfatte «sentralt stamnett». Den reviderte utbyggingsplanen vart godkjent, men størrelsen på tilskotet vart ikkje endra.*

*Vedrørande godkjenning av omdisponering av midler vises det til epost frå [aPoint] datert 7.3.2012.*

*Fiberkabelnett over strekningane Ørsneset, Tynes og Ekornes er no ferdigstilt (sentralt stamnett). Det er bygd nett gjennom bruk av eksisterande rør eller nye grøfter over ei strekning på omlag 9-10 km. Dette nettet gir næringsliv tilgang til raskt internett, elleve kommunale lokasjoner er sammenkoblet med fiber, vidare er det er lagt til rette for utbygging mot private (FTH). Det er etablert to noderom med fasilitetar for plassering av sentralt utstyr. Nettet er også dimensjonert for og bygd med tanke på redundans, og har kapasitet til forgreining frå Ikornnes mot Straumgjerde og Velledalen.*

*Restarbeidet knytt til dette stamnettet er pr. i dag utbygging mot næringsliv og butikkar i Sykkylven sentrum, i den såkalla «Kvadraturen». Dette arbeidet er utenfor prosjektrammen, men oppkobling mot kunder i området blir utført fortløpende etter kundebestilling.*

Vidare stod det at prosjektet si målsetting er gjennomført i tråd med planar og føresetnader, og det vart framstilt ein slik tabell:

	Per 31.12.2012
Løn relatert til investeringar	1.367.022
Innleidde entreprenørtenester og varekjøp på prosjekt	4.269.861
Innkjøp materiell	845.792
<b>Sum faktisk prosjektkostnadar</b>	<b>6.482.675</b>
<b>Budsjetterte prosjektkostnadar</b>	<b>6.372.000</b>
Meirforbruk	110.675

Det låg ved eit brev frå Sykkylven Energi AS til Sykkylven kommune datert 10.06.13, to dagar før. Dette var identisk med brevet som Sykkylven kommune sendte, samt ein revisorattestasjon.

#### 2.2.5 Informasjon om midlar 2012 frå aPoint av 14.03.12

Det vart sendt ut ein epost frå aPoint den 14.03.12. Dette selskapet var leigd inn av fylkeskommunen for å vere prosjektleiar for *Bredbånd Nordvest*. Eposten gav informasjon om dei nye midlane til breiband som var løyvd for 2012. Det var sett ein søknadsfrist innan 12.05.12. I denne eposten stod det at:

*KRD har definert følgende krav vedr. utbyggingsprosjekter*

1. *Tilskuddet skal brukes til utbygging av bredbåndsinfrastruktur*
2. *Tilskudd til utbyggere skal gis etter konkurranse for å sikre best mulig utnyttelse av tilgjengelige midler*
3. *Tilskuddene skal bidra til å sikre at både husstander, næringsliv og offentlig sektor blir dekt i utbyggingsområdene*
4. *Tilskuddet må bidra til å sikre konkurransen på levering av tjenester og innhold på etablert infrastruktur*

Dette er samanfallande med dei krav som departementet satt i brev av 24.10.10.

Ein tilsvarande epost av 24.04.13 frå aPoint, vart sendt ut i samanheng med informasjon om midlane for 2013.

#### 2.2.6 Årsmelding 2011 av 26.04.12

Styret i Sykkylven Energi AS la fram si årsmelding for 2011 den 26.04.12. Innleiingsvis under forretningsområdet vart det gitt ei slik framstilling av fibersatstinga:

*Sykkylven Energi AS har gjennom fleire år førebudd ei ev. utbygging av fiberbasert infrastruktur gjennom å legge trekkerør i opne grøfter. I tillegg har det til private bustadhus i stor grad blitt nytta inntakskabler med rør for fiberkabel integrert i kabelkonstruksjonen.*

*Gjennom vinteren 2010/2011 vart strategien SE ønska å satse på avklara med samarbeidspartane, avtalar vart skrivne og rammene for fibernetutbygging i SE sin regi bestemt. Med dette som bakgrunn starta SE våren 2011 utbygging av høghastighets fibernet til både næringskundar, kommunale lokalisasjonar og private bustadar.*

Vidare at: *Utbyggingsprosjektet for fibernet i Sykkylven er delt i tre fasar:*

- *Levering av internett og faste kommunikasjonslinjer til næringslivet gjennom eit samarbeid med PC Support AS.*
- *Knyte saman større kommunale bygg i eit eige datanett (administrasjon, helseinstitusjonar, skular mm).*
- *Utbygging av "fiber til heimen" (FTH) for leveranse av internett, TV og telefoni til private bustadar i eit avgrensa område (pilotområdet) gjennom eit samarbeid med NextGenTel AS.*

Avtale om dei kommunal lokasjonane var datert 09.02.11, vi viser til kapittel 3.2.

Avtale med PC Support AS var datert 15.04.11, vi viser til kapittel 2.3.4.

Under styret si melding stod det:

*I februar vart det fatta vedtak om å starte utbygging av eit sentralt stamnett med fiberoptiske kablar i Sykkylven. Fiberen skal dekke behova for kommunikasjonsløysingar som næringsliv og større kommunale lokasjonar har. SE har inngått ein samarbeidsavtale med PC Support for bedriftsmarknaden, der dei skreddarsyr og supporterar tilpassa løysingar av høg kvalitet.*

#### 2.2.7 Tilsegn (2012-0211) om tilskot 2012 av 24.09.12

Tilsegn om tilskot 2012 vart sendt 24.09.12. I brevet stod det at Regional- og næringsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune etter fullmakt hadde gjort slikt vedtak:

*Møre og Romsdal fylkeskommune v/regional- og næringsavdelinga løyver Sykkylven kommune, eit tilskot på inntil kr 652 608 til utbygging av breiband fase VIII.*

*Tilskotet er avgrensa til 17,7 % av totale kostnader kr 3 684 508.*

Til grunn for vedtaket låg eit utbyggingsbehov på kr 3 684 508 kr som vart finansiert med 652 608 kr i tilskot og 3 031 900 kr i eigenfinansiering.

Vilkåra for utbetaling var lik dei som låg ved tilsegnene for 2010 og 2011.

Sykkylven kommune ved rådmannen hadde sendt ein søknad om tilskot til utbygging av fibernet datert 11.05.12 til Møre og Romsdal fylkeskommune. Innleiingsvis stod det:

*Prosjektet går ut på å bygge fibernet fra eksisterande fiber infrastruktur på Ekornes og vidare sørover mot Straumgjerde. Eit slikt nett vil gi kommunikasjonstilbod til næringslivet i Straumgjede (møbelverksemder, spedisjonsfirma, butikkar mm), til offentleg verksemd (skule og barnehage) og til private i området.*

*Desse områda har ikkje i dag eit tilbod om fiberbasert breibandsnett, kun eit tilbod basert på gamle koparkablar av varierande kvalitet.*

Når det gjeld utbygging av fibernet i Sykkylven stod det at:

*Når det gjeld fiberanlegg vart det i 2011 starta utbygging, med støtte gjennom høykomm-midlar, mot næringsliv og kommunale institusjonar i sentrumsområda (strekningane Ørsnes - Tynes - Ekornes), i tillegg til at det er bygd fibernet mellom Ekornes og Hundeidvik. Desse arbeida vil bli ferdigstilt i løpet av inneverande år.*

*I tillegg har Sykkylven Energi AS gjennom samarbeid med NextGenTel AS tilbode og er*

*i ferd med å levere FTH (fiber til heimen) til om lag 300 husstandar rett nord for Aure (Sykkylven sentrum).*

Det vart gitt noko meir utfyllande informasjon om planane. Det stod at:

*Prosjekttraceen vil starte på Ekornes og gå delvis i eksisterande rør og delvis i eksisterande lavspentlinje på sørsida av Sykkylvsfjorden til Straumgjerde. Tilkopling til eksisterande fiberkabel/nett på Jarnes ved mobelverksemda Ekornes ASA (der det er sjøkabel vidare mot Sykkylven sentrum). Det vil i tillegg bli behov for mindre lengder nye grøfter.*

*Det må også etablerast eit noderom i Straumgjerde for plassering av nødvendig utstyr.*

Følgjande lengder og kostnadars er knytt til anlegget:

Lengder og kostnadars for stamnett (eks. mva.)	[m]	[kr]
Nytt luftlinjeanlegg - I eksisterande lavspentlinje	2 140	627 724
Nytt jordkabelanlegg - Kun fiber	877	626 504
Nytt jordkabelanlegg - I ledige rør	5 406	2 019 280
Skap, kummar og noderom		371 000
<b>Sum Ekornes - Straumgjerde</b>		<b>3 644 508</b>

Dette oppsettet gir ein total kostnad på 3 644 508 kr. Kommunerevisjonen er ikkje kjent med kva som ligg i forskjellen mellom dette, og tilsegsna der det stod 3 684 508 kr i totale kostnader.

Til slutt stod det at:

*Ein vil i 2013 prioritere å bygge stamnett mot området, og levere fiberkabel til næringsliv og offentlege institusjonar. Anlegget vil også legge til rette for mating av fiber til omlag 350 husstandar i området.*

## 2.2.8 Tilsegn (2014-0009) om tilskot 2013 av 23.01.14

Tilsegn om tilskot for 2013 vart sendt 23.01.14. I brevet stod det at Regional- og næringsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune etter fullmakt hadde gjort slikt vedtak:

*Møre og Romsdal fylkeskommune v/regional- og næringsavdelinga løyver Sykkylven kommune, eit tilskot på inntil kr 830.939,- til utbygging av breiband fase IX.*

*Tilskotet er avgrensa til 22,9% av totale kostnader kr.3.633.340,-.*

Til grunn for vedtaket låg eit utbyggingsbehov på kr 3 633 340 kr som vart finansiert med 830 939 kr i tilskot og 2 802 401 kr i eigenfinansiering.

Vilkåra for utbetaling var lik dei som låg ved tilsegnen for 2010, 2011 og 2012.

Sykkylven kommune ved rådmannen sendte ein søknad om tilskot til utbygging av fiberstamnett datert 14.06.13 til Møre og Romsdal fylkeskommune. Innleiingsvis stod det at ein søker tilskot:

*... for vidare utbygging av fiberstamnett i området frå sentrum i Sykkylven - Vikedalen - Heiane - Tynes med etablering av fiber linjer som knyter Sykkylven kommune til fibernettverket som blir framført til Heiane av Statnett. Eit delmål med prosjektet er å oppnå tosidig redundans både innanfor kommunen og til regionalt fibernettverk for å kunne sikre ei optimal driftsikkerheit/oppetid av nettverket.*

*I tillegg til fiberstamnett er målet med denne utbygginga å etablere tilknyting til Statnett*

*sitt fibernettverk med tilknytingspunkt på Heiane i Sykkylven. Ein vil da kunne benytte ein uavhengig teneste leverandør og få en framtdsretta redundant tilknyting for kommunen til omverda.*

Vidare i høve til to nodestasjonar, stod det at:

*Under prosjektet ligger også etablering av to nye nodestasjoner i stamnettet, en på Vik og en på Ikornnes. Nodene inngår som en nødvendig funksjon For å kunne etablere tilkopling av fiberstamkablane og gi muligheita for hurtig omkoppling ved mulige punktfeil i stamnettet.*

*(Muligheita for å kunne flytte trafikken over på andre kablar ved feil).*

*Ein har ved planlegging, prosjektering og ved ein mulig gjennomføring særdeles høgt fokus på å fånga opp synergiar som legg tilrette for seinare fiber til heimane.*

*I Noden på Ikornnes blir det montert elektronikk for å oppnå nødvendig kapasitet på den gamle fiberkabelen over fjorden til eksisterande node i Ullavika.*

Når det gjeld fiber til heimen stod det vidare at:

*I tillegg til å forsyne offentlige verksemder og industrien i området blir det avsett plass som legg tilrette for muligheita til fiber til heimen. Dette er ein sammenfallande synergি med fiberstamnettets nodefasilitetar. Prosjektet muliggjør at ca 800 nye husstandar kan knytast til fibernetverket i Sykkylven kommune.*

*Lokalt fiberspredenet frå nodene og til heimane (FTH) dekkes ikkje av denne søknaden.*

*Heimane i berørte område har ikkje et tilbod om fiberbasert breibandsnett i dag, kun eit tilbod basert på gamle koparkablar av varierande kvalitet. En positiv behandling av denne søknaden vil danne grunnlaget for FTH utbygging i området i 2014 - 2015.*

I søknaden vart det også gjort greie for historiske milepelar rundt utbygginga av fiberstamnett i Sykkylven kommune. Det stod at:

*Når det gjelder fiberanlegg vart det i 2011 starta utbygging, med støtte av Høykom - midler, mot næringsliv og kommunale institusjonar i sentrumsområda (strekninga Ørsnes - Tynes - Ikornnes), i tillegg til at det er bygd fibernet mellom Ikornnes og Hundeidvik. Desse arbeida er ferdigstilt. I tillegg har Sykkylven Energi AS gjennom samarbeid med NextGenTel AS tilbode og delvis levert FTH (fiber til heimen) til om lag 600 husstandar rett nord for Aure (Sykkylven sentrum).*

*I 2012 vart det gjennomført utbygging av stamnettet i sentrumsområdet. Dette arbeidet er også avslutta og sluttrapport er sendt til Høykom for ei tid sida.*

*For inneverande år så byggast det med hjelp av støtte frå Høykom fiberstamnett frå Ikornnes og til Straumgjerde med node i Straumgjerde. Fiberstamnettet åpnar med dette for muligkeit for oppkobling av fiber til offentlige og private verksemder i målområdet. Ved ferdigstilling av dette prosjektet er det klart for bygging av spreienett til omlag 350 FTH i tillegg til industri og offentlig verksemd som er tilbudd oppkobling.*

I høve til informasjon om planlagt fiberstamnett for 2014 stod det at:

*Det blir nytta eksisterende og nye kabelrør til inntrekking av fiberkablene. Det skal i forbindelse med bygging av ny trafostasjon på Heiane leggast betydelige lengder med høyspentkabler i området som dette stamfibernetts prosjektet er planlagt. Ein vil dermed etablere nødvendige rør for fiberstamnett og utnytte denne synergien som dette høyspent prosjektet opnar for.*

I søknaden var det framstilt følgjande kostnadsoppsett:

Kostnadsfordeling prosjektets poster:	mengde m.	Kostnader kr.
Nytt fiber kabelanlegg	11 700	1 099 600
Noder, 2 stk		365 000
Nye rør i åpen grøft og trekke kummer	10 600	450 584
Bemanningskostnader SE		820 250
Uforutsette kostnade 15%		410 315
Administrasjon SE 10%		314 575
Prisstiging 5%		173 016
Prosjektkostnad fiber stamnett:		3 633 340

Dette oppsettet gir ein total kostnad på 3 633 340 kr, som er identisk med beløpet i tilseigna.

Det vart sendt eit avslag på denne søknaden datert 29.11.13. I brevet stod det at frå og med dette året (fase IX og utover) skulle ein legge til grunn eit kriteriesett for fordeling av midlane som gav ei annleis, men meir målretta fordeling enn før. Det stod følgjande:

*Møre og Romsdal fylkeskommune har hatt eit samarbeid med firmaet aPoint i Kristiansund som i praksis inneber prosjektleiing for dette arbeidet. aPoint går gjennom og kvalitetssikrar søknadene og foreslår fordeling. For Sykkylven kommune sitt prosjekt har aPoint stipulert avkastninga til 26,4 %. Der betyr ei avkastning som med god margin er over 9 % og som vi dermed meiner er eit prosjekt som bør vere råd å bygge ut på kommersielt grunnlag.*

Sykkylven kommune sendte ein klage datert 20.12.13. Det stod at:

*I avslaget går det fram at Møre og Romsdal fylkeskommune har lagt til grunn at investeringa er lønnsam, og at avkastninga er stipulert til 26,4%.*

*Dette er eit vesentlig avvik i følgje egne kalkyler som viser ei avkastning som er mellom 3-5%. Avviket beror mest sannsynlig på ei missforståing.*

*Gjennom søknaden har vi forsøkt å formidle at hovudmålsettinga med prosjektet er å gi næringsliv og kommunen ein ny redundant og sikker kommunikasjonsløysning inn/ut av kommunen, på 420 Kv linja som Statnett i disse dagar bygger. Det kan i den forbindelse opplysts om at E-kommune Sunnmøre er engasjert for å legge til rette slik at kommunane langs linja, gjør tiltak for å kople seg til den nye og framtidsretta kommunikasjonsvegen.*

*Dei største kostnadene i det omsøkte prosjektet er forbundet med å etablere nye rør- og kabeltrasear frå utbygd område til den nye stasjonen på Heiane. Gjennom etableringa av dei nye rør- og kabelanlegga, opnar det seg også opp ei mulighet for å legge til rette for ei framtidig utbygging av «Fiber til Heimen» for om lag 800 husstandar.*

*Kostnadene med etablering av FTH, er ikkje tatt med i kalkyla, og ei FTH utbygging vil bli vurdert på kommersielle vilkår dersom prosjektet blir realisert. Om det omsøkte prosjektet ikkje blir realisert, er det svært lite sannsynlig at dei nemnte hushaldningane vil få tilbod om fibertilknyting i nærmaste framtid.*

I ein epost av 13.01.14 frå Møre og Romsdal fylkeskommune stod det at:

*Vi har sett på saken sammen med aPoint som er prosjektleder for dette arbeidet. Det ser ut som det er en misforståelse. I søknaden er det mye fokus på at 800 husstander vil kunne få fiberdekning, men dette er ved et eventuelt neste byggetrinn og at det i dette*

*byggetrinnet er snakk om langt færre potensielle kunder. Det var ikke enkelt å oppdage dette, for at kommunen har bekreftet at antall husstander før tildelingen ble gjennomført. Høyre kundetall høres ut bra ut, men i tildelingsmodellen som er utarbeidet vil derimot antallet potensielle kunder påvirke prosjektets resultatgrad. Da dette er inntekt som bidrar til å dekke investeringen i etterkant.*

*Vi har nå lagt inn færre potensielle kunder i modellen, og ser at dette gjør Sykkylven kommune støtteberettiget med et tilskudd på kr. 830.939. Støtten utgjør 22,9% av totalramme på kr. 3.633.340.*

#### 2.2.9 Brev om status og forlenging av frist fra SK til aPoint av 12.11.15

Sykkylven kommune sendte eit brev til aPoint datert 12.11.15 om status på aktive fiberporsjekt, og søkte om å få utsett frist for ferdigstilling til 01.07.16. Det stod innleiingsvis at:

*For utbyggere av fiber har det over en lengre periode vært stor mangel på entreprenørtilgjengelighet og våre prosjekter lider fremdeles av denne situasjonen. Ut over disse utfordringene så har egen organisasjon hatt til dels store prosjekter for Statnett i forbindelse med Statnett sin 420 kV utbygging av el. infrastruktur til og fra Sykkylven.*

I høve til status for prosjekt BNV 8 som er knytt til tilsegn 2012-0211 stod det at:

*Dette prosjektet er med hensyn på kabel, kummer og skap fremført fra noden på Ikornnes til Straume bru i Straumgjerde. Her har vi besluttet og vente med fremføring videre til noden i Straumgjerde, i alt ca 450 m. Begrunnelsen for dette er muligheten til å dra nytte av synergien med å legge fiber i felles trase med VA prosjekt som er planlagt ferdigstilt våren 2016.*

*Selv om næringskunder, kommunale lokasjoner og FTH nettet er utenom prosjektet det er søkt midler om kan vi informere om at aktuelle næringskunder, kommunale lokasjoner på strekningen Ikornnes til Straumen bru er tilkoblet pr. dato. Ut over dette nevner vi at det i disse dager bygges FTH for hele strekningen Jarnes til Straume bru i Straumgjerde. I området er det 235 FTH (ca 400 HP) kunder som oppkobles til årsskiftet 2015/16, nye 34 kunder tilkobles fortløpende over nyttår. Rent teknisk er nå fiberkablene 90% utnyttet sett i forhold til formålet med investeringen.*

Det vart framstilt ein slik tabell:

Prosjektets poster:	mengde m.	Kostnader kr.	Utført:
Nytt luftlinjeanlegg - I eksisterende lavspentlinje	2 140	627 724	70 %
Nytt jordkabelanlegg - Kun fiber	877	626 504	Ferdig
Nytt jordkabelanlegg - I ledige rør	5 406	2 019 280	Ferdig
Skap, kummer og noderom		371 000	80 %
Forbruk Ekornes - Straumgjerde		3 644 508	

I høve til status på prosjekt BNV 9 som er knytt til tilsegn 2014-0009 stod det at:

*I dette prosjektet har det ikke vært bevegelse siden siste statusrapport. En har prioritert å bruke resursene på FTH utbygging i området Jarnes til Straume bru i Straumgjerde.*

Det vart framstilt ein slik tabell:

Prosjektets poster:	mengde m.	Kostnader kr.	Utført:
Nytt fiber kabelanlegg	11 700	1 099 600	20 %
Noder, 2 stk		365 000	Ferdig
Nye rør i åpen grøft og trekke kummer	10 600	450 584	Ferdig
Bemanningskostnader SE		820 250	
Uforutsette kostnader 15%		410 315	
Administrasjon SE 10%		314 575	
Prisstiging 5%		173 016	
Prosjektkostnad fiber stamnett:		3 633 340	

Brevet blir avslutta med å gi opp Sykkylven Energi AS som kontakt ved spørsmål.

Møre og Romsdal fylkeskommune gav dagen etter, i eit brev melding om følgande vedtak:

*Regional- og næringsavdelinga forlengjer fristen for utbetaling av tilskot inntil kr 652 608 til 01.07.16.*

*Det er ein føresetnad for forlenginga at investeringane blir gjennomførte og finansierte i samsvar med planane som går fram av tilsegsbrevet.*

Til slutt i brevet stod det også at:

*Vi gjer merksam på til tilsegna automatisk vil bli annullert ved utgangen av fristen for utbetaling.*

## 2.2.10 Brev om informasjon fra SK til SE av 28.09.16

Sykkylven kommune sendte eit brev til Sykkylven Energi AS den 28.09.16. Innleiingsvis i brevet er det sitert følgjande om prosjektet og tilskotsordninga:

*Målet med prosjektet er å bygge ut breibandtilgang til område i kommunen som i dag ikkje har eit tilfredsstillande tilbod, og som ikkje vil få eit slikt tilbod utan offentlege tilskot.*

Vidare at:

*Det er kommunane som står som søker og får innvilga tilskot. Kommunane kan anten utføre arbeidet i eigen regi eller la entreprenørar utføre arbeidet.*

Og at:

*Sykkylven kommune valde å la Sykkylven Energi AS stå for arbeidet. Årsaka er at ein ser for seg store synergieeffektar ved at SE td kan legge fiberføringsrøyr samstundes som dei bygg ut leidningsnett for straum, vatn eller kloakk. Etter det eg kan sjå er denne avtalen ein administrativt inngått avtale.*

I brevet vart det vist til søknadane og tilsegnene i perioden 2010 til 2014. Det vart også vist til interpellasjonen i kommunestyret av 20.09.10, og oversendinga av særutskrifta til Sykkylven Energi AS av 28.09.10. Vidare stod det at:

*Eg kan ikkje sjå at det er lagt fram sak frå rådmannen om dette. Referata syner heller ikkje at Sykkylven Energi AS har gitt noko orientering.*

Det vart også vist til avtale av 09.02.12 mellom Sykkylven kommune og Sykkylven Energi AS om fiberutbygging. Og at:

*Eg oppfattar denne avtalen som ein generell avtale om breiband, ikkje om tilskotsordninga.*

*Ligg det føre eigen avtale om tilskotsordninga, som ikkje går fram av vårt arkiv?*

Vidare stod det at:

*Vårt arkiv og/eller rekneskap inneheld nokre tilslagn om tilskot, ingen søknad om tilskot, eit krav om utbetaling av tilskot, ei melding om utsett frist vedkomande tilskot og ei melding om utbetaling av tilskot.*

Og at:

*Sykkylven kommune står som formell søker, Sykkylven Energi er utførar.*

I brevet var det framstilt følgjande tabell:

TILSAGN	TILSAGNSSUM	PROSENT AV PROSJEKTSUM	PROSJEKTSUM
2010 10/116	1 128 186	33 %	3 390 000
2011 11/210	2 026 992	33 %	6 124 156
2012 12/0211	652 608	17,70 %	3 684 508
2014 14/0009	830 939	22,90 %	3 633 340
Sum	4 051 325	29,40 %	13 781 004

I tabellen er det ein feil ved dei to summane. Sum TILSAGNSSUM er 4 638 725 kr, medan Sum PROSJEKTSUM er 16 832 004 kr.

Vidare stod det at:

*Alle tilslagn er gitt til Sykkylven kommune.*

*Eitt tilslagn, 19. oktober 2010 kr 1 128 186, er utbetalt til Sykkylven kommune i februar 2012 og vidareutbetalt til Sykkylven Energi AS i september 2012.*

*Det går fram av tilslagna at krav om utbetaling/ferdigstilling gjeld i tilslagsåret og det påfølgande året.*

*For tilslagn 12/0211 og tilslagn 14/0009 søkte Sykkylven kommune i brev datert 12. november 2015 om utsetting med frist. Søknaden er skriven av SE AS men sendt gjennom kommunen.*

*I brev datert 13 november har Møre og Romsdal fylke forlenga fristen for tilslagn 12/0211, kr 652 608 til 1. juli 2016. Tilslagn 14/009 er ikkje nemnt.*

*Er midlar vedkomande tilslagn:*

*11/210 kr 2 026 992 utbetalt til SE AS direkte?*

*14/009 kr 830 939 utbetalt til SE AS direkte?*

*Er det sendt inn krav om utbetaling av tilslagn 12/0211 kr 652 608 innan fristen 1. juli 2016?*

*Eksisterer det fleire tilslagn eller utbetalingar, ber eg om at dette vert teke med.*

Sykkylven kommune ønska at Sykkylven Energi AS for kvart av desse tilsegna opplyste om kva for område som har fått fiberløysning. Til slutt stod det at:

*Svara fra SE AS vil danne grunnlaget for sak til kommunestyret om fiberutbygginga, jf vedtaket i år 2010.*

Sykkylven Energi AS sende eit svar på brev av 28.09.16 per post den 03.10.16. Det stod at:

*Prosjekt 10/116 - kr 1.128.186 er utbetalt til SE fra Sykkylven Kommune (3.2.2012)*

*Prosjekt 11/210 - kr 2.026.992 ble utbetalt direkte til SE fra Møre og Romsdal Fylkeskommune (8.7.2013)*

*Se også vedlagte sluttrapporter fra disse prosjektene, som vi sendte til rådmann i SK.*

Vidare at:

*Det er p.t 2 prosjekter som ikke er ferdigstilte. Disse er:*

*12/0211 - Ikornnes - Straumgjerde. Tilsagnssum kr 652 608.-*

*14/0009 - Haugseth - Heiane - Vik. Tilsagnssum kr 830 939.-*

*For disse prosjektene nærmer det seg avslutning. Vi har en god dialog med Fylket, og fått lovnad om at holdbarhetsdatoen på nevnte tildelinger er romslig. Likevel har vi avtalt at prosjektregnskap og sluttrapport skal foreligge innen utgangen av oktober.*

Og til slutt at:

*Er dette svar på dine spørsmål?*

Når det gjeld dei to siste prosjekta vart desse midlane utbetalt 17.03.17 frå Møre og Romsdal fylkeskommune til Sykkylven kommune. Midlane var deretter vidareformidla til Sykkylven Energi AS. Utbetinga var 644 271 kr og 820 931 kr, i alt 1 465 202 kr.

## 2.3 Tilgang for tredjepart

Sykkylven Energi AS sendte eit ei informasjonsskriv datert 11.11.16 der det stod at:

*Vi viser til vårt informasjonsskriv datert 16. juni 2016, der det vart informert om at Sykkylven Energi, for å sikre konkurranse i marknaden, opnar sitt fibernett for andre teneste- og innholdsleverandørar. Dette medfører at fleire tenesteleverandørar no kan levere tenester, t.d. breibandstenester, til næringslivet i Sykkylven.*

I informasjonsskrivet går det også fram at:

*Sykkylven Energi har mottatt oppseiling frå PC Support vedkomande leige av fibersamband til ein rekke av dei bedriftene som i dag kjøper breibandstenester m.m. av PC Support over Sykkylven Energi sine fiberlinjer. Ei stenging av fiberlinja skuldast med andre ord ei oppseiling frå PC Support overfor Sykkylven Energi.*

*Ønsker di bedrift å halde fram å nytte fiber frå Sykkylven Energi, må du inngå avtale med en innholds- og tenesteleverandør som vil inngå avtale med Sykkylven Energi om leige av kapasitet over Sykkylven Energi sin fiber. Samband som PC Support har sagt opp, vil verte kopla frå innan 10. desember 2016. Andre fibersamband der tenesteleverandør ikkje har avtale med Sykkylven Energi AS, vert kopla frå 15. februar 2017.*

*Aktuelle innholdsleverandørar i Sykkylven pr. i dag er PC Support, Tussa IKT, Tafjord Marked og NextGenTel. For meir informasjon sjå :[www.sykkylven-energi.no](http://www.sykkylven-energi.no).*

Nedanfor gjer vi att informasjon slik den ligg på [www.sykkylven-energi.no](http://www.sykkylven-energi.no):

*Sykkylven Energi leverer fiber til næring via tenesteleverandørar som har avtale med oss.*

*Næringskundar kan sjølv velje kven dei ønsker å kjøpe sine breibandstenester av. For råd, veiledning og bestilling av breibandstenester ta kontakt med desse.*

*Leverandørar som per i dag leverer næringstenester i vårt fibernet: Tafjord Marked AS, Tussa IKT AS, NextGenTel Bedrift og PC Support AS*

*For næringskundar med spesielle kommunikasjonsbehov over fiber ta kontakt med oss på [firmapost@sykkylven-energi.no](mailto:firmapost@sykkylven-energi.no).*

Sykkylven Energi tilbyr desse prisane til tenesteleverandørar som skal levere breiband til næringskundar i Sykkylven:

<b>Produkt no:</b>	<b>Næringsfiber i Sykkylven</b>	<b>Kostnad kr/mnd</b>
1:0	Etableringskostnad til yttervegg normalkunde	kr 6 000
1:1	Etableringskostnad, ved større kostnader.	Etter virkelig kostnad.
1:2	Gebyr ved gjenninnkobling, kun patching	kr 1 500
2:0	Hastighet 5/5	kr 690
2:1	Hastighet 10/10	kr 990
2:2	Hastighet 20/20	kr 1 390
2:3	Hastighet 30/30	kr 1 590
2:4	Hastighet 50/50	kr 1 890
2:5	Hastighet 100/100	kr 2 350
2:6	Hastighet 200/200	kr 2 790
2:7	Hastighet 500/500	kr 3 500

*Prisane er utan mva.*

*Kostnadene knytta til tenesteleverandørane sine tenester kjem i tillegg for næringskundane.  
Prisen forutset 1 fiber pr sluttkunde.*

*Innvending kabling i kundens bygg dekkast av sluttkunden.*

*Ta kontakt med oss dersom du ønsker komplette leveringsbetingelsar.*

### 2.3.1 Epost fra PCS til SK av 05.01.17

PC Support hadde kontakta Møre og Romsdal fylkeskommune, som viste vidare til aPoint. I ein epost av 02.01.17 frå PC Support til aPoint stod det at:

*Vi er kjent med at Sykkylven kommune har fått tildelt støtte til å bygge ut fiber infrastruktur i Sykkylven.*

*Dette i form av fire tilslagn om støtte på totalt inntil kr 4.638.725,-.*

*PC Support AS er leverandør av IT og kommunikasjonstjenester til næringssliv og kommuner - primært på Sunnmøre.*

*Vi er interessert i å få vite mer om våre muligheter til å benytte denne offentlig støttede infrastrukturen til å tilby tjenester til våre kunder.*

*Vi ser fra retningslinjene at støttetildeling gir en del føringer for den som har mottatt støtten.*

Det vart deretter vist til følgjande sitat:

*Vidare skal midlane forvaltast innanfor dei avgrensingane EØS-avtalen set for offentleg støtte, jf. The EFTA Surveillance Authority State Aid Guidelines, kommisjonsforordninga om gruppeunntak og bagatellstøtte.*

Vidare stod det at:

*Vi er av den formening at mottatt støtte forplikter mottaker blant anna til å:*

1. *Gi tredjeparter effektiv adgang til fibernettet i minimum 7 år*
2. *Tilby konkurransedyktig pris på slik tilgang*
3. *Å tilby tilgang også til passiv nettverksinfrastruktur (grøfter, stolper, mørk fiber og koblingsskap)*
4. *For rett til tilgang til grøfter og stolper er der ingen tidsbegrensning*
5. *Sikre rettferdig og ikke-diskriminerende behandling*

Seinare vart det også ettersendt et sitat frå EFTA Surveillance Authority decision av 03.02.10.

Det vart gitt eit svar frå aPoint til PC Support AS av 03.01.17 med kopi til Møre og Romsdal fylkeskommune. Det stod at:

*Du absolutt har et poeng i det du beskriver under vedrørende tredjepartstilgang og EFTA-regelverk. Deler av dagens regelverk var nok veileddende for de seneste rundene av Høykomm-midlene, uten at jeg finner klare pålegg i den informasjonen vi sitter på.*

*Hva som er hensyntatt og inkludert i avtaler mellom Sykkylven kommune og deres utbyggere for disse tilskuddene, har vi derimot ingen oversikt over. Vi har heller ingen mulighet til å hente inn dette da vi aldri har vært involvert i kommunens innkjøpsarbeid, og det er kommunen, som gir tilskuddet til sin valgte utbygger, som er ansvarlig for å følge opp gjeldene regelverk. For Møre og Romsdal fylkeskommune, og dermed oss i aPoint, har hovedmålet vært størst mulig grad av bredbåndsutbygging for de tilgjengelige midlene. For å få svar på dine spørsmål, må jeg derfor be deg ta kontakt med Sykkylven kommune selv.*

Til slutt at:

*Jeg beklager at vi ikke kan være til mer hjelp, men dette er så langt utenfor vårt virkeområde at jeg dessverre ikke har mer informasjon å komme med.*

Det var sendt ein epost til Sykkylven kommune 05.01.17, der epostvekslinga ovanfor låg ved. I eposten stod det at:

*Viser til dialog med Møre og Romsdal Fylkeskommune og maildialog [aPoint] gjengitt nedenfor.*

*Vi vil med dette be om en nærmere redegjørelse for hvilke forpliktelser som hviler på Sykkylven Energi som støttetmottaker.*

*Våre anmodninger om tilgang til mørk fiber blir kontant avvist av Sykkylven Energi.*

*Vi opplever også at vi blir diskriminert ved at Sykkylven Energi tildeler seg selv og våre konkurrenter bedre betingelser.*

*Efter vår forståelse så er dette i strid med krav fra EFTA som tilskuddsordningen bygger på.*

*Sjekk: [http://www.eftasurv.int/media/state-aid-guidelines/Consolidated version Application of state aid rules in relation to rapid deployment of broadband networks.pdf](http://www.eftasurv.int/media/state-aid-guidelines/Consolidated%20version%20Application%20of%20state%20aid%20rules%20in%20relation%20to%20rapid%20deployment%20of%20broadband%20networks.pdf)*

*Viser spesielt til pkt 3.4 underpunkt g og h som presiserer at det skal tilbys grossisttilgang til mørk fiber til markedsorienterte priser.*

Videre at:

*Det går også frem at tildelt støtte skal trekkes tilbake dersom vilkårene ikke overholdes.*

Og at:

*Vi ber om at Sykkylven Kommune som prosjekteier tilser at kravene blir overholdt.*

*Vedlagt følger forøvrig lettfattelig presentasjon fra NKOM som er relativt tydelig rundt gjeldende retningslinjer.*

*Ber om rask tilbakemelding da Sykkylven Energi sine disposisjoner setter våre forretningsområder i fare.*

*På denne måten trues også lokale arbeidsplasser.*

Det vart sendt eit svar tilbake same dag, der det stod at:

*Fram til for litt sidan hadde eg absolutt ingen kunnskap om denne saka. Ho vart heile vegen behandla av dåverande rådmann i nært samarbeid med administrerande direktør ved Sykkylven Energi AS.*

Det vart vidare vist til interpellasjonen av 20.09.10 og:

*Med dette som bakgrunn skreiv eg i september i ffor eit brev til SE AS for å lage sak for kommunestyret.*

*Dette brevet er lagt ved her. Eg kan ikkje sjå å ha fått svar.*

Til slutt stod det:

*Min kunnskap om saka er soleis berre den eg har fått ved å lese gjennom dokumenta du fekk utlevert rett før jul.*

*Det største problemet er at sjølv om eg klarer å finne delvis greie svar i regelverket for NKOM, har eg ikkje greidd å finne regelverket for HØYKOM.*

*Soleis er det vanskeleg for meg å gi noko svar på spørsmålet ditt*

PC Support AS sendte eit svar på denne same dag. Det stod at:

*Vi fikk tilsendt retningslinjer fra Møre og Romsdal Fylkeskommune relatert til dei aktuelle tilsagna.*

*Vedlagt kopi av retningslinjer frå hhv. 2011, 2012 og 2013 til din videre saksbehandling.*

Og:

*Felles for disse er at dei har som si tydelige forutsetning:*

*Sitat: .... Vidare skal midlane forvaltast innanfor dei avgrensingane EØS-avtalen set for offentleg støtte, jf. The EFTA Surveillance Authority State Aid Guidelines, kommisjonsforordninga om gruppeunntak og bagatellstøtte.*

*Dette er et rammeverk som er lett å forholde seg til.*

*Link til dette følger fra tidligere mail.*

Til slutt stod det at:

*Det er svært viktig for oss at Sykkylven Energi innretter seg etter de relativt enkle og rimelige kravene som følger av støttetildelingen.*

*Ber derfor om at denne saken prioriteres.*

### 2.3.2 Brev frå SK til PCS av 16.01.17

Sykkylven kommune sendte eit svar til eposten av 05.01.17 per brev 16.01.17. Det stod at:

*Reglane om statsstøtte er eit omfattande og til dels komplisert regelverk. For å kunne vurdere denne saka nærmare vil det måtte vere naudsynt å innhente bistand frå kommuneadvokaten.*

Vidare at:

*Sykkylven kommune har lagt til grunn dei tildelingsbreva som er gitt frå Møre og Romsdal fylkeskommune vedkomande tilskot til utbygging av fiber i Sykkylven kommune.*

*Etter det vi kan sjå er det samla utbetalet kr 3 155 178 for spesifikke prosjekt knytt til fiberutbygging.*

*Tilskota er i perioden 2010 til 2014 vidareformidla til Sykkylven Energi AS.*

Til slutt stod det at:

*Per i dag har Sykkylven kommune ikkje motteke informasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommune der fylkeskommunen har informert om at det ligg føre ulovleg statsstøtte.*

*Kommunen legg elles til grunn at det vil vere departementet eller Nkom som vil måtte vurdere om det er gitt ulovleg statsstøtte, og ev. vurdere om statsstøtta som er gitt, må attendeførast.*

Det var sendt ein epost frå PC Support AS til Sykkylven kommune dagen etter 17.01.17, der det vart vist til brevet dagen før 16.01.17, som var eit svar på epost av 05.01.17. Det stod at:

*Vi kan ikke se at dette svaret adresserer henvendelsen vår.*

*Vi har ikke hevdet at statsstøtten er ulovlig – og er usikker på hvorfor dette er blitt tema.*

Vidare at:

*Vi har bedt om en klargjøring av hvilke forpliktelser som hviler på Sykkylven Energi AS som støttemottaker.*

*Vi er utelukkende opptatt av at de tydelige forpliktelsene som er knyttet til den offentlige støtten skal følges.*

*Dernest har vi bedt Sykkylven kommune som prosjekteier å tilse at forpliktelsene blir overholdt.*

Til slutt stod det at:

*Vi ser det forøvrig som relativt urovekkende at det vurderes tilbakebetaling av støttemedler på totalt kr 4.638.725,-.*

*Dette heller enn å innrette seg etter forpliktelsene som følger av mottatt støtte.*

*Det ser vi i tilfelle på som direkte misbruk av fellesskapets midler.*

Det var gitt eit kort svar samme dag som var slik:

*Etter mi vurdering ligg det ikkje noko i mitt svar som tilseier at Sykkylven kommune vurderer tilbakebetaling av motteken støtte*

### 2.3.3 Epost frå MRF til PSC av 24.01.17

Møre og Romsdal fylkeskommune sendte ein epost til PC Support AS 24.01.17, med kopi til aPoint. Innleiingsvis stod det at den generelle regelen per i dag ifølge Nkom var at:

*Selskaper som mottar offentlige tilskudd må tilby tilgang til de aktuelle bredbåndsaksessene ved anmodning fra andre bredbåndstilbydere som ønsker å levere tjenester. Slik tilgang skal tilbys i minst 7 år etter utbygging og skal skje på ikke-diskriminerende vilkår.*

Det går også fram at:

*I Sykkylven har kommunen mottatt støtte frå fylkeskommunen til breibandsutbygging, i åra 2010, 2011, 2012 og 2013. Dette var før dagens nasjonale støtteordning forvalta av Nkom starta opp, men statstøtteregelverket inneheldt dei same vilkåra. I brev frå Kommunal- og regionaldepartementet frå 22. desember 2010 vart fylkeskommunen orientert om regelverket.*

Og at:

*Møre og Romsdal fylkeskommune informerte ikkje tilskotsmottakarane godt nok om dette då tilskotet vart gitt, men regelverket vil gjelde uansett. Vi vil no gå ut med informasjon til tilskotsmottakarar i denne perioden om vilkåra.*

Det stod også at:

*Tilgangen skal gjevest på marknadsvilkår. Nkom har oversikt over marknadsprisnivået og kan rádførast om det.*

Møre og Romsdal fylkeskommune sendte eit brev datert 03.02.17 om informasjon om regelverk for støtte til breibandsutbygging i perioden 2010-2014. Vi viser her til vårt kapittel 2.1.3 om regelverk for tilgang til tredje part.

### 2.3.4 Dom i sivilsak mellom PCS og SE av 22.02.17

Ein del av dommen i sivilsaken mellom PC Support AS og Sykkylven Energi AS, kan ha ein viss relevans i høve til temaet tilgang til tredjepart. Under framstilling av saka stod det:

*Partenes samarbeid var basert på at SE la ned fiber og sto som eier av fiberkablene for leveranse frem til PCS sine bedriftskunder, mens PCS ble sikret rollene som driftsoperatør og innholdsleverandør. Det ble inngått en samarbeidsavtale den 15. april 2011, med varighet i 5 år.*

Det stod også at:

*SE varslet PCS i april 2016 at avtalen ikke ville bli forlenget. SE inngikk så avtale med NC-Spektrum AS som driftsoperatør, i stedet for PCS. Den 16. juni 2016 sendte SE brev til næringslivsbedrifter der ble det informert om at samarbeidsavtalen mellom PCS og*

*SE har opphört, og at PCS nå ville få status som en av flere mulige tjenesteleverandører. PCS reagerte på denne fremgangsmåten. Den 15. september 2016 brakte PCS saken inn for Sunnmøre tingrett, med begjæring om midlertidig forføyning. Spørsmålet var den gang, slik retten beskrev det i kjennelse av 3. oktober 2016, hvorvidt SE skulle forbys å tilkoble utstyr på fiberlinjen for å produsere bredbåndstjenester som driftsoperatør inntil det foreligger rettskraftig dom i sak anlagt ved stevning. PCS fikk ikke medhold. Avgjørelsen er rettskraftig.*

Under *Saksøkers påstandsgrunnlag* stod det:

*SE har mottatt offentlig støtte til bredbåndsutbygging. Ifølge Nasjonal kommunikasjonsmyndighet er SE dermed pliktig til å tilbyde aktuelle bredbåndsaksess til andre som ønsker å levere tjenester, i minst 7 år og på ikke diskriminerende vilkår.*

Under *Saksøktes påstandsgrunnlag* stod det:

*Det er ikke holdepunkter for at det er stilt krav om tilgangsplikt for offentlig tilskudd til SE. Tilskudd er bevilget av Stortinget. SE har fått utbetalt ca 31 millioner kroner til to prosjekter, for strekningen Jarnes - Hundeidvik og strekningen Ørsneset, Tynes og Ekornes. PCS var ikke del av disse prosjektene. Tildelingsbrevene hadde ikke vilkår om tilgangsplikt. Her er det Fylkeskommunen som står ansvarlig overfor departementet, og en reaksjon på ev. ulovlig støtte blir i ytterste konsekvens et krav om tilbakebetaling.*

Under *Rettens vurdering* stod det:

*PCS mener at offentlig støtte til ESA for fiberutbygging innebærer et selvstendig grunnlag for å oppnå dom for rett til fibertilgang. Dette fordi offentlig støttet bredbåndsutbygging skal sikre alle interesser tilgang ut fra et konkurransebehov, og i alle fall for 7 år, slik det angivelig fremgikk av tildelingsvilkårene da støtte ble gitt. Ut fra bevisføringen er det ikke sannsynliggjort at slike vilkår var satt da SE ved to anledninger fikk offentlig støtte. Retten vil også anta at det må være det offentlige som tar opp dette med tilskuddsmottaker, og eventuelt fremmer krav om tilbakebetaling av tilskudd, dersom vilkårene for støtte ikke er fulgt. Men siden det ikke er påstått noen aktuell tilgangsnekt fra SE sin side er søkmålsvilkåret i tvisteloven § 1-3 heller ikke her oppfylt, slik det er gjennomgått ovenfor.*

### 2.3.5 Epost om tilgang til mørk fiber av 20.04.17

Ordførar, administrerande direktør i Sykkylven Energi AS og kommuneadvokaten hadde eit møte med næringsavdelinga til Møre og Romsdal fylkeskommune 17.03.17.

Økonomisjefen sendte ein epost til ordføraren og administrerande direktør i Sykkylven Energi AS 20.04.17. Utgangspunktet for eposten var ein telefonsamtale mellom økonomisjefen og Møre og Romsdal fylkeskommune. I telefonsamtalen skal det gått fram at Møre og Romsdal fylkeskommune: *ikkje hadde innvendingar til korleis SE AS administrerte/konkurranseutsette nettet*. Økonomisjefen lest opp følgjande:

Referat frå administrerande direktør i Sykkylven Energi AS, som var slik:

*Undertegnede, ordfører og kommuneadvokaten var i møte med næringsavdelingen i Fylkeskommunen fredag 17/3.*

*Tema var klargjøring av brevet datert 3 februar, samt redegjøre for modellen Sykkylven Energi har etablert etter at avtalen (og dermed monopolet) fra 2011 ble avviklet.*

*Kortversjonen av konklusjonen summeres opp slik:*

- *Den nye pris- og markedsmodellen, gjeldende fra april 2016 ligger godt innenfor retningslinjene.*
- *Monopolet som ble tildelt i 2011, er i strid med gjeldende retningslinjer. Grunnet at fylket ikke stilte vilkår til SE/SK (var selv ikke kjent med regelverket), anses dette som et tilbakelagt kapittel.*
- *Tilgangsplikt på «ikke diskriminerende vilkår» gjelder utelukkende for de anlegg som er bygd med tilskudd. Dvs at FTH nett, accessnett og stamnett som er finansiert av SE, ikke er omfattet av tilgangsplikt.*
- *SE står fritt til å konkurrere med PCS – i de områder PCS har etablert seg som konkurrent.*
- *Det foreligger overhodet ingen føringer om at «Mørk fiber» skal tilbys som tjeneste fra Sykkylven Energi AS. Det foreligger følgelig heller ingen leveringsplikt.*

*Med andre ord var det et særstakt positivt møte, sett med våre øyne. Dialogen var god og vi fikk positive tilbakemeldinger.*

Referat frå ordføraren, som var slik:

*Fylkeskommunen ansåg at SE hadde innfridd vilkåra til støtte når ein hadde opna nettet slik ein har gjort i 2016. Dei hadde derfor ikkje noko å «sette fingeren på» ut frå slik dette no er handtert av SK og SE.*

Økonomisjefen skal også hatt fått ei stadfesting på at det som står ovanfor, kunne lesast opp for kontrollutvalet som ein konklusjon på møtet. Kontrollutvalet hadde møte 20.04.17, og vi viser til vårt kapittel 1.1. om bakgrunn for denne rapporten.

I etterkant av møtet mellom Sykkylven kommune, Sykkylven Energi AS og Møre og Romsdal fylkeskommune 17.03.17 skal PC Support AS ha ringt til fylkeskommunen. Det vart då gitt informasjon om konklusjonen på møtet. PC Support AS skal ha sendt ein epost der det vart argumentert mot denne konklusjonen. Denne eposten skal også vere oversendt Nkom, som hadde konkludert med at i gitte tilfelle ville dei ikkje utelukke tilgang til mørk fiber.

Denne konklusjonen til Nkom skulle fylkeskommunen ovanfor økonomisjefen ha gitt utrykk for at dei opplevde som uklar, men at det det i alle høve: *var slik at dersom ein skulle ende på tilgangsplikt til mørk fiber, så ville dette berre gjelde dei delane av fiberlengdene som delvis var finansiert med støtte.* Og at det ikkje var desse: *strekka som var forretningsmessig interessante.*

### 2.3.6 Epost frå PCS til SK 19.06.17

PC Support sende ein epost Sykkylven kommune datert 19.06.17 der det stod:

*Viser til ditt brev datert 06.01.2017 der det blir bekrefta mottak av vår henvendelse, og at det kan ta noko tid å besvare førespurnaden.*

*Vi vil nå tro at det skulle være mulig å gi oss et svar på denne henvendelsen.*

Vidare at PC Support AS:

*... i etterkant av henvendelsen hatt en dialog med Samferdselsdepartementet som tydelig presiserer at det skal gies 3.parts tilgang til et fibernett bygget med offentlige støttemidler (vedlagt).*

Til slutt stod det at:

*Sykkylven Energi bryter systematisk med retningslinjene for krav til utbygger som har fått offentlig støtte, og vi forventer at Sykkylven kommune som prosjekteier sikrer at disse forholdene blir brakt i orden.*

### 2.3.7 Brev til PCS fra SK av 20.06.17

Sykkylven kommune sendte eit brev til PC Support AS 20.06.17 med kopi til Sykkylven Energi AS og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det vart innleiingsvis vist til brev datert 16.01.17 og purring av 19.09.17. Det stod vidare at:

*Dessverre er ikkje endeleg svar sendt. Dette seier eg meg lei for.*

Det vart vist til brev av 03.02.17 fra Møre og Romsdal fylkeskommune:

*... der det vert påpeika vilkåra knytt til den delen av breibandsnettet som delvis var finansiert med tilskot.*

Vidare var det opplyst at som følgje av dette brevet, så var det eit møte den 17.03.17, som ein kunne summere opp slik:

- *Den nye pris- og marknadsmodellen, gjeldande frå april 2016 ligg innanfor retningslinene påpeika av fylkeskommunen.*
- *Pris- og marknadsmodell gjeldande 2011 til april 2016 ligg neppe innanfor retningslinene. Grunna at fylket ikkje stilte vilkår ovanfor Sykkylven kommune ved tildelinga den gongen, vertdette vurdert å ligge for langt attende i tid til å bli teke omsyn til no.*
- *Tilgangsplikt på «ikkje-diskriminerande vilkår» gjeld dei anlegga som er bygd med tilskot. Det vil sei at fibernett finansiert av SE AS aleine, ikkje er omfatta av tilgangsplikt.*
- *SE AS står fritt til å konkurrere med andre.*
- *Det ligg ikkje føre noko føringar om at «Mørk fiber» skal tilbydast som teneste frå SE AS. Det ligg dermed ei heller føre noko leveringsplikt.*

Slik at:

*Vårt svar må dermed vere at vår vurdering er at Sykkylven kommune ikkje har brote med vilkåra sett ved mottak av tilskota.*

## 2.4 Klage på Sykkylven Energi AS av PC Support AS

### 2.4.1 Brev frå PCS til SK av 29.09.17

PC Support AS sendte eit brev til Sykkylven kommune 29.09.17, der det innleiingsvis vart vist til møte med ordførar og økonomisjef 27.09.17. Brevet var: *en formell henvendelse på noen av momenta som ble diskutert.* Det stod så at:

*Etter vår forståelse av ESA sine retningslinjer for kommunikasjonsnett som har mottatt offentlig støtte, så skal mottatt støtte sikre at pris og tjenestetilbud til 3. part på grossistnivå skal tilbys på nivå med områder med mer konkurranse.*

*Pr i dag blir vi effektivt nektet tilgang til fiber, rør, kummer og øvrig passiv*

*infrastruktur, samtidig som tilbudte kapasitetsprodukt er svært begrensede og overpriset.*

*Det blir også kjørt en aktiv diskrimineringspolitikk der Sykkylven Energi som utbygger tillater seg selv å selge andre produkter og til andre priser enn det som vi får tilgang til.*

*Sykkylven Energi tar inn i sine krav til leie av fiberlinjer at kun en sluttbruker skal kunne benytte linja til kommunikasjon. Dette er krav som vi aldri før har sett fra noen leverandører og et krav som vi ikke kan forstå at det er lovlig å fremsette for utleier av et offentlig støttet ekonnett.*

*Dette er en situasjon som vi ikke kan leve med og som så langt har medført store ekstrakostnader for oss, og tap på inngåtte kontrakter.*

Vidare at:

*Vi vil med dette be om at Sykkylven kommune som prosjekteier vurderer om prisen som Sykkylven Energi som utbygger av offentlig støttet fibernet i Sykkylven er korrekt satt.*

Vidare vart det gitt eit oversyn mellom priser på fiber for Telenor Jara og Tafjord Marked samanlikna med priser som er publisert på Sykkylven Energi AS sine internetsider. I høve til mørk fiber stod det at:

*Vi har anmodet Sykkylven Energi om tilgang til mørk fiber for å kunne tilby gode datasenterjenester til lokalt næringsliv.*

Det vart så vist til at Telenor Jara leverer mørk fiber til 2 lokasjoner i Sykkylven, og at:

*Vi anmodet Sykkylven Energi om å tilby fortsatt leveranse til disse, men de nekter å levere på samme betingelser som Telenor. Dette til tross for leveringsforpliktelser som følger av tildelt offentlig støtte.*

I brevet vart det også vist til ein presentasjon frå Nkom om prising av fiber i nett som har mottatt offentleg støtte, og i brevet stod det at:

*Denne er tydelig på at det er prosjekteier (dvs Sykkylven kommune) som skal vurdere om tilgangsprisen er satt for høyt. Det skal sikres at tilgangsprisen ikke har signifikante avvik fra område med mer konkurrans. Avvik utover 10% er signifikant. NKOM kan bistå Sykkylven kommune i vurderingen på forespørsel.*

I brevet var det også vist til:

*... svar datert 20.06.17 der det blant annet blir avvist at vi kan kreve tilgang til mørk fiber i et offentlig støttet fibernet.*

Videre at:

*Dette stemmer ikke med ESA-bestemmelsene fra 2010, som er gjeldende ref brev fra Møre og Romsdal Fylkeskommune tidligere i år.*

Og at:

*Vi som datasenteraktør og som brebandsleverandør ønsker å få tilgang til primært passiv infrastruktur (mørk fiber) - Dette er satt som et av kravene for å kunne tildele offentlig støtte.*

Det vart sitert og vist til ESA sine retningslinjer frå 2010. vidare stod det at:

*Det vi nå etterspør er 1 fiber - selv til de store lokasjonene. Dette betyr at det er rikelig*

*ledig fiberkapasitet til mange leverandører som kan bygge egne nett helt uavhengig av andre innenfor det samme fysiske nettet. Dette er som dere ser av overforstående - anbefalt struktur.*

*Også rør, stolper og kummer/koblingsskap skal det gis tilgang til der det har blitt brukt støttemidler til å realisere infrastrukturen. Dette blir vi som sagt også nektet tilgang til.*

*(...)*

*Vi får ikke tilgang til fiberinfrastrukturen på dette nivået slik som ESA bestemmelsene beskriver.*

I brevet vart det også gitt ei forklaring på årsaka til PC Support AS si interesse for mørk fiber:  
Det stod at:

*Vi driver mot alle odds et datasenter i Sykkylven som representerer 25 kompetansearbeidsplasser i servicenæringer som vi gjerne vil prøve å etablere flere av i Sykkylven. Vi har investert i lokal infrastruktur og flere arbeidsplasser som vi nå må la stå tomme. Vi prøver å gi lokalt næringsliv i Sykkylven et konkurransesfortrinn innen IT-infrastruktur - og blir ironisk nok motarbeidet av et heleid kommunalt selskap.*

*For oss er fiber en råvare som vi her i distriktet er avhengig av for å kunne konkurrere med Datasentre i Oslo og metropoler i utlandet som er plasserte rett på internasjonale fiberstamnett. Når vi opplever at hverken vi eller våre underleverandører får tilgang til å på konkurransemessige knytte oss mot det regionale fibernettet engang (knutepunkt Heiane) så blir det vanskelig å kunne etablere levedyktig industri på vårt nivå.*

Det var deretter lista opp følgjande punkt:

- Å hevde at dagens pris- og marknadsmodell ligg innanfor retningslinjene kan ikke være korrekt. Sykkylven Energi tildeler seg selv og sitt eget direktesalgsledd andre produkter (herunder mørk fiber) og priser enn til tjenesteleverandørene. Det er tydelig presisert i retningslinjene at 3. part skal ikke diskrimineres. Vi skal settes i stand til å konkurrere med utbyggers eget direktesalgsledd.
- Å hevde at det ikke er et krav at det skal gis tilgang til både aktiv og passiv infrastruktur når dette kommer så klart frem i ESA-retningslinjene (ref over) kan vi heller ikke forstå.
- Vi er kjent med at det aller meste av infrastruktur i stamnettet - herunder forbindelsene ut til bedriftene - er bygget med offentlige støttemidler. Det er etter vår kjennskap kun fiber til privatmarkedet som ikke er tatt med i søknadene som vi har fått innsyn i.

Vidare stod det at:

*Det er Sykkylven kommune som har mottatt støtten og som etter det vi forstår er ansvarlig for at Sykkylven Energi som utbygger følger regelverket og gir oss som tredjepart de tilgangene som vi etter forskriftene skal kunne få. Vi ser i svar at Sykkylven kommune slår seg til ro med saka etter å drøfta den med Møre og Romsdal Fylkeskommune og Sykkylven Energi. Vi presiserer at Møre og Romsdal Fylkeskommune ikke har ansvar for oppfølging av tildelte midler herunder at relevante vilkår og retningslinjer blir fulgt. Dette ansvaret ligger helt og fullt på Sykkylven kommune som prosjekteier. NKOM kan bistå kommunene med relevant kompetanse for å vurdere om vilkåra er innfridde. Møre og Romsdal Fylkeskommune skal ikke - og kan*

*ikke - friskmelde Sykkylven Energi sin handlemåte og Sykkylven kommune si handtering av saka. I lys av dette ber vi om at vår tidligere henvendelse blir tatt opp til ny vurdering. Vi vil på det sterkeste anmode om at Sykkylven kommune søker bistand fra NKOM i disse vurderingene.*

I brevet var det også reist spørsmål i høve til stamnettet og kva som ikkje er bygd med offentleg støtte. Det stod at:

*Etter vår kunnskap er hele stamnettet i Sykkylven bygd med offentlig støtte. Det går innom de fleste større bedriftslokasjoner. Vi forstår fra deres svar av 20.06.17 at Sykkylven Energi har hevdet at kun mindre deler av stamnettet er bygd med offentlig støtte.*

Og at:

*Om denne påstanden fortsatt blir opprettholdt, så vil vi med dette be om at påstanden dokumenteres.*

Det vart også sagt noko om konsekvensane for næringslivet. Det stod at:

*Sykkylven Energi sin overprising og leveransenekt medfører at næringslivet i Sykkylven kommune får et dyrere og dårligere tilbud om viktig infrastruktur enn kommuner som det er relevant å sammenligne seg med. Vi har ambisjoner om å tilby næringslivet i Sykkylven høye kapasiteter til lave priser - fra det minste enkeltmannsforetak til de største bedriftene. Dette for å skape konkurranseskraft. Overprisen av selve fiberlinjen gjennom den gjeldende «pris- og marknadsmodellen» til Sykkylven Energi setter en effektiv stopper for dette. En viktig faktor ved tildeling av offentlig støtte til breibandsutbygging er at det skal sette mottakeren i stand til å tilby infrastruktur prismessig på linje med mer sentrale område. Offentlig støtte skal heller ikke benyttes til å bygge regionale monopol.*

I høve til kommunalt eigarskap stod det at:

*Sykkylven Energi er et heleid kommunalt selskap og et svært viktig selskap for å kunne bygge god infrastruktur i Sykkylven. Vi stiller oss spørsmål om i hvor stor grad selskapet sin aktivitet og handlemåte reflekterer det kommunale eierskapet.*

I høve til ein eventuell klage til ESA stod det at:

*Fra Samferdselsdepartementet, som administrerer støtteordningen for utbygging av kommunikasjonsnett, får vi opplyst at det utelukkende er ESA som har den endelige vedtakskompetansen når det gjelder å fastslå om relevante vilkår og retningslinjer er brutt. Dersom ESA skulle finne at disse er brutt vil mottatt støtte måtte betales tilbake - uten nærmere anledning til å tilpasse seg. Vi har i lys av dette blitt oppfordret til å ta en ny runde mot prosjekteier (Sykkylven kommune) for å se om det er mulig å få til en tilpasning til vilkårene i stedet for å eksponere seg for tilbakebetaling av nærmere kr 5 mill. i støtte. Vi er kjent med signaler om at Sykkylven Energi vurderer å betale tilbake støttemidlene for å kunne opprettholde etablert monopolstrategi og overprising.*

Og at:

*Vi ber om at det blir satt politisk fokus på en slik eventuell beslutning - da dette neppe kan være god lokal samfunnsøkonomi.*

Til slutt at:

*Vi vil med dette varsle om at vi ser oss nødt til å klage saken inn for ESA i den grad forholdene ikke blir rettet opp i.*

#### 2.4.2 Svar frå SK til PCS av 04.10.17

Sykkylven kommune sendte eit svar 04.10.17 på dette brevet av 21.09.17. Innleiingsvis vart det gitt ein kort informasjon om tilsegnene. Deretter var det lista opp det som Sykkylven kommune såg på som PC Support AS sine hovudankepunkt. Desse var gitt att slik:

- *De meiner at plikta til å gi andre tilgang ikkje berre gjeld «kvit» fiber, men også «grå» og «mørk» fiber.*
- *De meiner Sykkylven Energi AS overprisar tilgangen.*
- *De meiner tilgangsplikta omfattar heile Sykkylven Energi AS sitt fibernet, ikkje berre dei delane der tilskot er motteke.*
- *De meiner tilgangen også omfattar ein tilgang til røyr, kummar og annan passiv infrastruktur.*

Når det gjeld klagerett og Nkom stod det at:

*Tilskota er gitt frå staten og vidareformidla til Sykkylven kommune av Møre og Romsdal fylkeskommune. Tenesteveg for klage er dermed:*

- *Sykkylven kommune*
- *Møre og Romsdal fylkeskommune*
- *Kommunal- og moderniseringsdepartementet*
- *ESA*

*NKOM er ikkje eit klageorgan, slik sett.*

Det vart igjen vist til møtet av 17.03.17, og at oppsummeringa frå møtet var:

- *Den nye pris- og markedsmodellen, gjeldende fra april 2016 ligger godt innenfor retningslinjene.*
- *Monopolet som ble tildelt i 2011, er i strid med gjeldende retningslinjer. Grunnet at fylket ikke stilte vilkår til SE/SK (var selv ikke kjent med regelverket), anses dette som et tilbakelagt kapittel.*
- *Tilgangsplikt på «ikke diskriminerende vilkår» gjelder utelukkende for de anlegg som er bygd med tilskudd. Dvs at FTH nett, accessnett og stamnett som er finansiert av SE, ikke er omfattet av tilgangsplikt.*
- *SE står fritt til å konkurrere med PCS - i de områder PCS har etablert seg som konkurrent.*
- *Det foreligger overhodet ingen føringer om at «Mørk fiber» skal tilbys som tjeneste fra Sykkylven Energi AS. Det foreligger følgelig heller ingen leveringsplikt.*

Vidare at:

*Fylkeskommunen vurderte det slik at Sykkylven Energi AS hadde innfridd vilkåra til støtte når ein hadde opna nettet slik det vart gjort i 2016. Dei hadde difor ikkje noko å*

*«sette fingeren på» ut frå slik dette no er handtert av Sykkylven kommune og Sykkylven Energi AS.*

Slik at:

*Sykkylven kommune vurderer det dermed dit at Sykkylven kommune/Sykkylven Energi AS oppfyller vilkåra ved tildelinga, jf brev datert 3. februar i år frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Dette brevet har De slik eg forstår, tidlegare fått kopi av.*

Til slutt i brevet blir det opplyst om klagerett til Møre og Romsdal fylkeskommune.

#### 2.4.3 Brev frå PCS til SK av 13.10.17

PC Support AS sendte eit brev til Sykkylven kommune 13.10.17. Innleiingsvis stod det at:

*Vi viser til deres svar datert 04.10.2017 på vår henvendelse datert 29.09.2017. Svaret tyder på at vår henvendelse ikke har blitt forstått. Vi vil med dette be om et fyldigere svar som adresserer de spørsmålene vi stiller.*

Det var gjort påpeikingar i høve til tilsegnsum, der det stod at:

*Vi ser for øvrig også at det blir hevdet en tilsagnssum på kr 4.051.325,- av en prosjektsom på kr 13.781.004,-. Ifølge våre opplysninger er tilsagnssummen kr 4.632.725,- og prosjektsommen kr 16.832.004,-.*

Det var gjort påpeikingar i høve til kvit, grå og mørk fiber, der det stod at:

*Vi ser at dere forstår vår henvendelse til å gjelde tilgang til «kvit», «grå» og «mørk» fiber. Dette må bero på en misforståelse. Vi han ikke bedt om tilgang på annet enn mørk fiber og korrekte priser på kapasitetsprodukter og ser ikke hvordan henvendelsen kan vinkles mot begrepene «kvit» og «grå» fiber.*

Det var gjort ei presisering i høve til hele fibernettet versus hele stamnettet, der det stod at:

*Det hevdes at vi mener at tilgangsplikten omfatter hele fibernettet til Sykkylven Energi AS. Dette er ikke korrekt. Vi hevder at tilgangsplikten omfatter alle deler av nettet som er bygget med prosjektmidlene som har fått tildelt støtte.*

Vidare at:

*Etter vår forståelse så gjelder dette hele stamnettet i Sykkylven. Vi hevder også at samtlige av de fiberforbindelsene vi har leid av Sykkylven Energi i perioden frem til 2016 er bygget ut med offentlig støtte - og ber om dokumentasjon på det motsatte om dette ikke er korrekt. Vi presiserer at iflg. ESA sine retningslinjer skal det så lenge det er ytet offentlig støtte til deler av nettet gjelde samme tilgangsforpliktelser for deler av nettet hvor det er benyttet eksisterende infrastruktur. Det er derfor ikke bare bruddstykker av stamnettet som er underlagt tilgangsforpliktelser.*

Det var gjort påpeikingar i høve til Nkom som klageinstans, der det stod at:

*Vi hevder ikke at NKOM er klageinstans. Vi har anbefalt Sykkylven kommune - i den grad det vil sikres en god og objektiv saksbehandling - å rådføre seg med NKOM rundt den henvendelsen vi har kommet med. Vår forståelse er at NKOM er det nøytrale kompetanseorganet som kan bistå prosjekteier (i dette tilfelle Sykkylven Kommune) i faglige spørsmål og i forhold til hvilke produkter som skal kunne tilbys til 3. part operatører og prising av tjenestene. Vi stiller oss undrende til hvorfor dette ikke blir gjort - og vil gjenta vår oppfordring.*

Det var gjort påpeikingar i høve til *Monopolet som ble tildelt i 2011...*, der det stod at:

*Vi ser at det i oppsummeringen fra møtet med Møre og Romsdal Fylkeskommune blir nevnt «Monopolet som ble tildelt i 2011..». Samarbeidsavtalen mellom Sykkylven Energi og PC Support fra 2011 innebærer ikke monopol for PC Support. Dette er en feilaktig påstand fra Sykkylven Energi som vi ber om blir dokumentert.*

Det var gjort påpeikingar i høve til *Den nye pris- og markedsmodellen...*, der det stod at:

*Det blir hevdet at «Den nye pris- og markedsmodellen, gjeldande fra april 2016 ligger godt innenfor retningslinjene». Vi har påpekt signifikante prisavvik som vi ber om en utdypende forklaring på.*

Det var gjort påpeikingar i høve til *Det foreligger overhodet ingen føringer...*, der det stod at:

*Det konkluderes med at «Det foreligger overhodet ingen føringer om at «Mørk fiber» skal tilbys som en tjeneste fra Sykkylven Energi AS». Vi forutsetter at det her er snakk om den delen av nettet som er bygget med offentlig støtte - noe som vi nå ber om å få klargjort. I fall vi snakker om den delen som er bygget med offentlig støtte så må vi igjen be om at retningslinjene fra ESA blir lest. Det er prosjekteier - Sykkylven kommune - som er ansvarlig for at retningslinjene blir fulgt.*

Til slutt står det at:

*Vi blir oppfordret til å anke avgjerda til Møre og Romsdal fylkeskommune - men vi ser det som vanskelig å klage på et vedtak som er fatta på feilaktig informasjon og misforståelser. Vi ber derfor om et utfyllende svar før vi vurderer anke.*

Brevet vart purra av PC Support AS 16.01.18. Det var då gitt eit slikt svar:

*Etter vedtak i kontrollutvalet er nett denne saka no til vurdering hjå revisjonen.*

*Når svar frå revisjonen ligg føre, vil du få melding.*

## 2.5 Vurdering

Vi vil innleiingsvis under vurderingane gi eit kort samandrag av ein del av faktagrunnlaget.

Søknad om midlar første gang 30.08.10, gav ei tilsegn av 19.10.10 på 1 128 186 kr. I søknaden er det vanskeleg å unngå å sjå at dette var eit prosjekt i regi av Sykkylven Energi AS, og for så vidt også Tussa Kraft AS. Midlane skulle Sykkylven Energi AS nytte til eit nytt fibernet fra Hundeidvik til Jarnes, som ein skulle knytte til Tussa Kraft AS sitt nett i eit punkt på Hareid.

Sykkylven Senterparti v/Odd Jostein Drotninghaug la fram ein interpellasjon i kommunestyret om utbygging av fibernet i Sykkylven i møte 20.09.10. Sykkylven kommunestyre gjorde følgjande samrøystes vedtak i tråd med framlegget frå Senterpartiet:

1. *Sykkylven kommunestyre ber om at det kjem fram sak til kommunestyret der det vert orientert om moglege planar Sykkylven Energi AS har. Så langt det er mogleg, vil ein og ha fram opplysningar om kva andre aktørar kan levere i vår kommune.*
2. *Kommunaldepartementet har løyvd midlar til utbygging av breibandnett, og kommunestyret ber og om ei vurdering om her er midlar ein kan få tilgang til, for å sikre ei god utbygging i vår kommune.*

Dagen etter, 21.09.10, sendte Sykkylven Energi AS ein epost til ordføraren der det innleiingsvis vart vist til denne interpellasjonen. Det vart då gitt tilkjenne eit ønske frå selskapet om å få informere om det arbeidet og dei vurderingane som var gjort rundt fiber, samt kva for tankar selskapet hadde for framtida. Ordføraren svarte at høve til møtet dagen før, så hadde han berre kort informert om at det hadde vore eit møte. Vidare at han hadde informert kommunestyret om at det var sendt søknad på statlege midlar, og at selskapet ville orientere litt seinare på hausten.

Det vart gjennomført eit eigarskapsmøte 29.11.10. Eigarane vart representert ved medlemene i kommunestyret som utgjer generalforsamling i selskapet. Det ligg føre ein presentasjon frå møtet. Presentasjonen gav utfyllende informasjon om den fibersatsinga som selskapet la opp til.

Søknad om midlar andre gang, gav tilsegn av 08.12.11 på 2 026 992 kroner. Den gjaldt opphavleg bygging av stamnett Straumgjerde – Velledalen. Møre og Romsdal fylkeskommune godkjente seinare at dette vart endra til stamnett Ørsnes og Ekornes avd. Tynes.

Styret i Sykkylven Energi AS la fram si årsmelding for 2011 den 26.04.12. Innleiingsvis under forretningsområdet vart det gitt ei slik framstilling av fibersatsinga:

*Sykkylven Energi AS har gjennom fleire år førebudd ei ev. utbygging av fiberbasert infrastruktur gjennom å legge trekkerør i opne grøfter. I tillegg har det til private bustadhús i stor grad blitt nytta inntaksablar med rør for fiberkabel integrert i kabelkonstruksjonen.*

*Gjennom vinteren 2010/2011 vart strategien SE ønska å satse på avklara med samarbeidspartane, avtalar vart skrivne og rammene for fibernetutbygging i SE sin regi bestemt. Med dette som bakgrunn starta SE våren 2011 utbygging av høghastighets fibernet til både næringskundar, kommunale lokalisasjonar og private bustadar.*

Under styret si melding stod det:

*I februar vart det fatta vedtak om å starte utbygging av eit sentralt stamnett med fiberoptiske kablar i Sykkylven. Fiberen skal dekke behova for kommunikasjonsløysingar som næringsliv og større kommunale lokasjonar har. SE har inngått ein samarbeidsavtale med PC Support for bedriftsmarknaden, der dei*

*skreddarsyr og supporterar tilpassa løysingar av høg kvalitet.*

Det går tydeleg fram av ein epost frå aPoint av 14.03.12, at det er krav om konkurranse på dei tilskot som kommunen gir. Ein kan legge til grunn at rådmannen då var, eller burde vere kjent med kravet om konkurranse på tilskota.

Søknad om midlar tredje gang, gav tilsegn av 24.09.12 på 652 608 kr. Den gjaldt bygging av fibernett frå eksisterande infrastruktur på Jarnes ved Ekornes og vidare sørover mot Straumgjerde. Fiberen skulle gå delvis i eksisterande rør og delvis i eksisterande lavspentlinje på sørsida av Sykkylvsfjorden til Straumgjerde. På Jarnes var det sjökabel mot sentrum.

Søknad om midlar fjerde gang, gav tilsegn av 23.01.14 på 830 939 kr. Den gjaldt vidare utbygging av fiberstamnett i området frå sentrum i Sykkylven - Vikedalen - Heiane - Tynes med etablering av fiberlinjer som ville knytte Sykkylven kommune til fibernetverket som ville bli framført til Heiane av Statnett.

I alt er det gitt midlar frå staten til fylkeskommunen til kommunen på 4 620 380 kr. Desse er vidareformidla til Sykkylven Energi AS utan at det er gjennomført konkurranse i tråd med dei krav som var sett i brev frå departementet til fylket av 29.04.10. Tilskotet for søknaden andre gong var enn vidare utbetalt direkte frå Møre og Romsdal fylkeskommune til Sykkylven Energi AS. Dei to siste tilskota vart utbetalt 17.03.17.

## 2.5.1 1a: Kompetent organ

Det å söke om midlar til utbygging av breiband og det å tildele Sykkylven Energi AS desse midlane, var begge administrative vedtak.

Kommunerevisjonen ser at delegasjonsreglementet som var gjeldande på slutten av 2010 ikkje gav tydeleg rettleiing i høve til å vurdere om dette er avgjersle som ligg til rådmannen. Ein kan her likevel merke seg at formannskapet ikkje hadde kompetanse til å uttale seg i *prinsipielle saker vedk. kommunestruktur/- økonomi, veg-, trafikk- og kommunikasjonsmønster, fylkesplanar og andre planar av overordna regional karakter m.m. som kommunestyret skal ha til handsaming/uttale*. Det refererer seg nok til høyringsuttaler, men kan kanskje gi noko rettleiing.

Dei administrative vedtaka vedkjem likevel høve som det er ei stor samfunnsinteresse omkring. Vi kan her også kort nemne at samfunnsplanen vedteke i midten av 2011 hadde identifisert utviklinga innan breiband og fiberteknologi som eit viktig satsingsområde. Den store samfunnsinteressa i seg sjølv, tilseier også at rådmannen i alle høve må gjere ei god vurdering av alle sider ved saka, og at denne vurderinga må vere skriftleg. Det ligg ikkje føre noko skriftleg vurdering frå rådmannen.

Det nye delegasjonsreglementet som er gjeldande i dag gir ei betre rettleiing, ved at det går fram at saker som vidareutviklar kommunen som organisasjon og samfunn skal handsamast politisk.

Kommunestyret var tydeleg på at dette var ei sak der ein ønsker informasjon. Det vart sendt melding til Sykkylven Energi AS, men det vart ikkje følgd opp vidare av rådmannen.

Informasjonen vart gitt til medlemmane i generalforsamlinga til Sykkylven Energi AS i eit eigarmøte. Medlemmane i generalforsamlinga er og var personidentisk med kommunestyret.

I samanheng med at administrasjon vart gjort kjent med interpellasjonen på nytt, sende kommunen eit brev til energiverket datert 28.09.16. Det går fram at:

*Sykkylven kommune valde å la Sykkylven Energi AS stå for arbeidet. Årsaka er at ein ser for seg store synergieffektar ved at SE td kan legge fiberføringsrør samstundes som*

*dei bygg ut leidningsnett for straum, vatn eller kloakk. Etter det eg kan sjå er denne avtalen ein administrativt inngått avtale.*

Og at:

*Eg kan ikkje sjå at det er lagt fram sak frå rådmannen om dette. Referata syner heller ikkje at Sykkylven Energi AS har gitt noko orientering.*

Kommunerevisjonen vurderer det slik at det skulle vore lagt fram ei sak for kommunestyret før interpellasjonen. Når det ikkje vart gjort før interpellasjonen burde det ha vore gjort etter den.

Det ligg etter vårt syn til dette organet å trekke opp retninga i slike saker som det er ei stor samfunnsinteresse omkring.

Det er nok lite usemje om dette. Når det vart som det vart, så er det nok meir knytt til manglande kapasitet og kompetanse i høve til sakshandsaming, enn at rådmannen var at den oppfatning at dette ikkje var noko som vedkjem kommunestyret. Til slutt vil vi nemne at det nok ikkje er uvanleg i Sykkylven kommune historisk, at saker som også skulle ha vore behandla av kommunestyret, berre blir behandla av generalforsamlinga.

### 2.5.2 1b: Konkurranse på tilskot

I brevet frå departementet til fylkeskommunen av 29.04.10 går det klart fram, at ved tildeling av tilskot til breiband skal fylkeskommunen kreyje at kommunen gir tilskotet etter konkurranse.

Kommunerevisjonen har ikkje grunn til å tru at rådmannen var kjent med dette kravet forut for den første søknaden. Etter vårt syn var truleg heller ikkje fylkeskommunen kjent med dette.

Når det gjeld den tredje søknaden, er det rimeleg å tru at begge då måtte vere kjent med kravet.

Fylkeskommunen må etter vårt syn også vere godt kjent med at ein i Sykkylven kommune ikkje tok sikte på å gjennomføre konkurranse ved vidareformidling av tilskotet. Det går tydeleg fram av alle søknadane at Sykkylven kommune tok sikte på å vidareformidle tilskotet til Sykkylven Energi AS. Det var Sykkylven Energi AS sine planer ein sökte om tilskot til. Kommunen hadde ikkje eigne planer som eit alternativ til Sykkylven Energi AS sine planar.

Det var fylkeskommunen som skulle sette krav om konkurranse ovanfor kommunen som eit vilkår. Det var ikkje gjort, og må etter vårt syn vere formildande i høve til kritikk av rådmannen.

Eit anna poeng er at ei forsvarleg skriftleg saksutgreiing som nemnt tidlegare, kunne ha fanga opp kravet om konkurranse. I mangel av ei planmessig tilnærming frå rådmannen si side, blir drøftinga også litt sirkulær. Utan Sykkylven Energi AS sine planar, hadde ikkje kommunen hatt prosjekt å söke på, og dermed heller ikkje midlar til å ha ein konkurranse på, som Sykkylven Energi AS deretter kunne ha sökt på.

Kommunerevisjonen vil til slutt likevel peike på, at sjølv om ein ikkje er kjent med eit krav om konkurranse kan det vere gode grunnar til å ha konkurranse som eit generelt prinsipp på all tildeling av offentlege midlar. Føremålet med ein konkurranse er å få dei beste løysningane og sikre likebehandling.

### 2.5.3 1c: Tilgang for tredjepart

Kommunerevisjonen oppfattar problemstillinga om tilgang for tredjepart til å vere ein pågåande klagesak. I PC Support AS sitt brev til Sykkylven kommune datert 13.10.17, som kom etter at det var gjort greie for klagerett til Møre og Romsdal fylkeskommune, stod det innleiingsvis at:

*Vi blir oppfordret til å anke avgjørda til Møre og Romsdal fylkeskommune - men vi ser det som vanskelig å klage på et vedtak som er fatta på feilaktig informasjon og misforståelser. Vi ber derfor om et utfyllende svar før vi vurderer anke.*

Det går fram at kontrollutvalgsboka at:

*Kontrollutvalget kan også behandle henvendelser fra innbyggere eller andre aktører som mener de har en sak for kontrollutvalget. For hver henvendelse må det vurderes om den hører inn under kontrollutvalgets oppgaver ...*

Men at:

*Det er likevel viktig å presisere at kontrollutvalget ikke er et klageorgan, og at det derfor ikke behandler klager på enkeltvedtak som har vært til administrativ behandling.*

Og at:

*Krav om å få omgjort et vedtak må behandles i kommunens klageinstanser ...*

Til slutt at:

*Det kontrollutvalget kan gjøre, er å undersøke henvendelser som kan indikere svikt i den kommunale saksbehandlingen, eller at kommunen ikke følger de lover og retningslinjer som den er underlagt. Fokuset bør være på systemkontroll.*

I kva grad kommunen følger dei retningslinjene dei er underlagt, er ein viktig del av klagen i denne saka. Kommunerevisjonen vurderer det derfor ikkje rett å gjere vurderingar i høve til dette. Eventuelle vurderingar frå oss, vil uansett ikkje ha noko å seie for utfallet av ein klage.

Kommunerevisjonen vil likevel gi nokre få merknader som kan vere relevant i høve temaet.

Sjølv om vi ikkje vil gjere vurderingar i høve til tilgang for ein tredjepart, har vi likevel prøvd å belyse og gi eit allment innsyn i dei prosessane som har vore i høve til dette.

Sykkylven kommune som tilskotsgjevar kan ikkje instruere Sykkylven Energi AS til å gi tilgang til mørk fiber. Dei kan fatte vedtak om tilbakebetaling, og det igjen er eit vedtak som Sykkylven Energi AS kan klage på. Vi vil anta at Sykkylven Energi AS også kan vise til at dei ikkje var gjort kjent med kravet om tilgang for tredje part og at det kunne ha påverka avgjersla om å søke og å ta imot tilskotet. Heller ikkje kommunen synes å vere var kjent med kravet, og det kom ei sein presisering frå Møre og Romsdal fylkeskommune knytt til dette datert 03.02.17. Denne presiseringa i seg sjølv understøttar at dette nok ikkje var godt kjent for kommunane og Sykkylven Energi AS.

Sykkylven Energi AS har fiber som eit eige forretningsområde, og detaljert informasjon går fram av årsrapport for 2016. Forretningsområdet hadde eit positivt driftsresultat på 1 049 503 kr etter driftsinntekter på 4 455 897 kr. Kostandane fordelar seg med 834 944 i løns - og personalkostnad, 800 106 kr i andre driftskostnader og 1 771 344 kr i avskrivningar.

Vi kan summere opp tilskota slik:

Prosjekt	Dato utbetaling	Beløp
Prosjekt 10/116: Hundeidvik - Jarnes	03.02.12	1 128 186
Prosjekt 11/210: Ørsneset – Tynes - Jarnes	08.07.13	2 026 992
Prosjekt 12/0211: Jarnes - Straumgjerde	17.03.17	644 271
Prosjekt 14/0009: Haugseth - Heiane - Vik	17.03.17	820 931
		4 620 380

Det er samla investert for 39 437 935 kr per 31.12.16, der bokført saldo per same dato er 32 404 243 kr. Vidare er det motteke 3 155 178 kr i tilskot som har gått til fråtrekk. I 2016 hadde dei altså eit overskot på 3,24 % av den kapitalen som er bunde opp per 31.12.16.

Det å stille heile infrastrukturen til fri disposisjonen for tredje partar vil gi konsekvensar i høve til kor lønnsamt dette forretningsområdet vil vere for Sykkylven Energi AS. Det kan vere, at samfunnsøkonomisk omsyn taler for full konkurranse, men det er etter vårt syn meir eit statleg enn eit kommunal ansvar. Det er kanskje også i enda mindre grad eit ansvar for eit aksjeselskap som Sykkylven Energi AS. Om ein i Sykkylven kommune vel å gi tilgang for tredje partar må ein konkretisere kva for subsidiering dette inneber, og innarbeide det som eit driftstilskott til Sykkylven Energi AS over driftsrekneskapen til kommunen.

### 3. Problemstilling 2: Offentlege anskaffingar

#### 3.1 Regelverk

I lov om offentlege anskaffingar er konkurranse det første grunnleggande prinsippet som blir nemnt i § 4. Alle anskaffingar skal så langt det er mogleg, skje på grunnlag av konkurranse. Prinsippet blir grunngjøve ut frå samfunnsøkonomiske og forretningmessige omsyn, samt forvaltningsrettsleg likebehandling, jmf. NOU 1997:21 kap. 2.

Sykkylven kommune skal gjøre sine innkjøp i tråd med forskrift om offentlege anskaffingar.

I forskrifta er det ulike terskelverdiar som angir kva for del som gjeld. I utgangspunktet er det tre typar terskelverdiar som gjer seg gjeldande.

Den første er terskelverdien for når forskrifta blir gjeldande, og den er på 100 000 kr eks mva.

Den andre er den nasjonale terskelverdien på 1,3 mill kr eks mva, endra frå 1,1 mill kr gjeldande frå 06.04.18. Anskaffingar med en verdi som er lik eller overstig denne, men som ikkje overstig EØS-terskelverdiane, skal i hovudsak følgje del II i forskrifta, jmf § 5-1 (2) a. For dei anskaffingar som er under denne, gjeld del I som ikkje har reglar om plikt til kunngjering. Denne terskelverdien gjeld også for kontraktar om særlege tenester, jmf. § 5-1 (2) b.

Den tredje typen terskelverdi er EØS-terskelverdiar, og det er verdiar for ulike typar:

#### § 5-3. EØS-terskelverdier

##### (1) EØS-terskelverdiene er

- a) 1,3 millioner kroner ekskl. mva. for statlige myndigheters (...)
- b) 2 millioner kroner ekskl. mva. for andre oppdragsgiveres vare- og tjenestekontrakter og plan- og designkonkurranser
- c) 51 millioner kroner ekskl. mva. for bygge- og anleggskontrakter.

##### (2) EØS-terskelverdien er 6,95 millioner kroner ekskl. mva. for kontrakter om særlege tjenester og kontrakter om helse- og sosialtjenester.

Terskelverdiane blir justert annan kvart år av departementet, og vart justert sist 06.04.18.

I forskrifta er det gitt syv unntak, lista opp frå a til g i § 5-2:

#### § 5-2. Unntak fra del II

##### (1) Del II gjelder ikke for kontrakter som

- a) oppdragsgiveren bare kan inngå med en bestemt leverandør i markedet

Vi har her berre sitert det mest relevante unntak, punkt a. Av rettleiaren går det fram at:

*Oppdragsgiveren er fritatt fra reglene i forskriften del II ved kontrakter som bare kan inngås med en bestemt leverandør i markedet, jf. § 5-2 første ledd bokstav a. Det er oppdragsgiveren som har bevisbyrden for at vilkåret er oppfylt, og det er en høy terskel for å påberope seg unntaket.*

Og at:

*Det skal mye til for at oppdragsgiveren skal klare å sannsynliggjøre at andre leverandører, herunder grupper av leverandører, ikke kan eller ikke vil kunne bli i stand til å levere den aktuelle ytelsen.*

Vidare at:

*Når det gjelder omfanget av de undersøkelser som oppdragsgiveren må foreta, så er det ikke tilstrekkelig å bare hevde at kun finnes én leverandør kan oppfylle behovet eller at de kun vet om én leverandør fordi de mangler kunnskap om markedet. Det er heller ikke tilstrekkelig å bevise at én leverandør kan levere ytelsen mer effektivt enn andre.*

Til slutt at:

*Ettersom forskriften del II gjelder anskaffelser under EØS-terskelverdi vil det som et utgangspunkt være tilstrekkelig å godtgjøre at det kun er én leverandør i det norske markedet. Oppdragsgiveren må imidlertid foreta en konkret vurdering i hvert enkelt tilfelle, da markedet vil kunne variere med anskaffelsens art og verdi.*

Eit sentralt tema ved offentleg anskaffingar er på kva måte ein reknar ut verdien ved ei anskaffing. Dette er det gitt konkrete reglar for i § 5-4 i form av 13 punkt. Vi skal her gi at nokre av dei punkta som relevante i høve til vår problemstilling. Punkt 1 angir:

*Oppdragsgiveren skal beregne kontraktens verdi på grunnlag av et anslag over den samlede betalingen ekskl. mva., inkludert enhver form for opsjon som er fastsatt i anskaffelsesdokumentene. Eventuelle betalinger eller premier til leverandørene skal tas med i beregningen.*

Punkt 2 angir:

*Beregningen skal være forsvarlig på tidspunktet for kunngjøringen av konkurransen. For anskaffelser som ikke krever kunngjøring, skal beregningen være forsvarlig på det tidspunktet oppdragsgiveren innleder anskaffelsesprosessen.*

Punkt 9 angir:

*Ved vare- og tjenestekontrakter som oppdragsgiveren inngår regelmessig eller som skal fornyes innenfor et bestemt tidsrom, skal oppdragsgiveren beregne kontraktens verdi på grunnlag av*

- a) *den samlede faktiske verdien av liknende kontrakter som er tildelt i løpet av de foregående 12 månedene eller det foregående regnskapsåret, om mulig justert for forventede endringer i løpet av de 12 etterfølgende månedene, eller*
- b) *den samlede anslatte verdien av de kontraktene som vil bli tildelt i løpet av 12 måneder fra den første leveransen, eller i løpet av regnskapsåret dersom dette er lengre enn 12 måneder.*

Punkt 12 angir:

*Ved tjenestekontrakter uten en fastsatt samlet pris gjelder følgende:*

- a) *for tidsbegrensede kontrakter med en varighet på 48 måneder eller mindre skal verdien beregnes på grunnlag av den samlede verdien for hele kontraktens varighet*
- b) *for tidsubegrensede kontrakter eller kontrakter med en varighet på over 48 måneder skal verdien beregnes på grunnlag av den månedlige verdien multiplisert med 48.*

Vedlegg 2 om særlege tenester angir Post- og telekommunikasjonstjenester med CPV-kode 64000000. Slik vi har forstått det er, Datatjenester: rådgivning, programvareutvikling, internett og systemstøtte med CPV-kode 72000000 ikkje særlege tenester.

## 3.2 Fakta

Sykkylven kommune og Sykkylven Energi AS skreiv under ein avtale datert 09.02.11 om leige av fiberkapasitet mellom Sykkylven kommune sine lokasjonar. I punkt 1 går det fram at:

*Hovudformålet med avtalen er å starte utbygginga av breiband som etter kvart kan tilbydast til SK, bedrifter og innbyggjarane i Sykkylven kommune. Formålet er å bygge stabilt breiband med høg hastigheit og høg leveringssikkerheit via fiberkabel.*

*SK ynskjer å leggje til rette for ei slik utbygging gjennom det heileigde kommunale selskapet Sykkylven Energi AS*

*Det skal skrivast eigen avtale mellom SE og dei som ynskjer å leige fiberkapasitet på anlegget. Ei vidare utbygging for nye område i kommunen vert vurdert fortløpande.*

Under punkt 2.0 går det fram at:

*Formålet med avtalen er å sikre at Sykkylven kommune sine eininger får tilgang på stabilt breiband med høg hastigheit og høg leveringssikkerheit via fiberkabel. Tilgangen skal etablerast mellom dei definerte lokasjonane og fram til eit definert koblingspunkt mot omverda. Ein vil i første omgang prioritere kommunen sine eininger i sentrum.*

Under punkt 2.1 går det fram at:

*SE vil stå for all utbygging, drift, vedlikehald og finansiering av fiberkabel til SK.*

Under punkt 2.2 går det fram at:

*SE skal etter avtale med SK bygge eit fibernettverk som vil kople saman kommunen sine lokasjoner gjennom eit knutepunkt i eit offentlig bygg (Rådhuset eller SE).*

Avtalen definerte 9 hovudlokasjonar (ungdomskulen, kulturhuset, BUAS, rådhuset ...) , og vidare stod det at:

*Frå knutepunktet skal det også etablerast ein fiberforbindelse til kommunen sin tenesteleverandør for IKT som p.t. er i Ullavik (PC Support AS).*

*Med "fiberforbindelse" er det i denne samanheng/avtale meint eit mørkt fiberpar (2stk. fibrar).*

*Andre lokasjoner kan knytast til fibernettet (knutepunktet) på eigne vilkår om/når dette fell saman med ei naturleg del av ei totalutbygging.*

Av punkt 3.1 om prisar (eks. mva) går det fram at:

*Leige av fiberkabel frå knutepunkt til lokasjon (jfr 2.2): kr 2.200.- pr mnd pr lokasjon*

*Etableringskostnad pr lokasjon kr 0.-*

I punkt 3.3 står det at : *Prisene er faste i avtaleperiode.* Avtaleperioden går fram av punkt 7:

*Avtalen varer i 2 år, frå 01.01.2012 til 31.12.2013.*

Ved utfakturering for 4. kvartal 2017 går det fram at det no er 18 lokasjonar, der 4 barnhagar blir fakturerert halv pris, medan dei 14 andre blir fakturerert med 2 200 kr per månad. Dette gir 35 520 kr per månad, eller 426 240 kr per år i leige av fiber.

Denne avtalen med Sykkylven Energi AS gjeld leige av fiberforbindelsen mellom dei 18 kommunale lokasjonane. I tillegg til denne fiberforbindelsen må ein ha eit fibermodem i kvar ende, og ei kopling mellom det modem som står hos ein tenesteleverandør og internett.

Utgiftene til breibandtenester inneholdt både leige av fiberkabel hos Sykkylven Energi AS og driftskostnadene som følge av å aksessere internett gjennom desse mørke fiberkablane. Samla var utgiftene til ulike breibandtenester 688 042 kr i 2017. Av dette utgjorde 407 639 kr leie av fiberkabel av Sykkylven Energi AS. Utgiftene til PC Support AS for å aksessere fiberkablane, samt nokre DSL abonnement var 269 049 kr. Dei resterande utgiftene var tre abonnement hos Tafjord, NextGenTel og Telenor.

### 3.3 Vurdering

Sykkylven kommune si anskaffing av breibandtenester utgjer om lag 700 000 kr per år, og er fordelt mellom Sykkylven Energi AS og PC Support AS.

Avtalen med Sykkylven Energi AS var i utgangspunktet tidsavgrensa i 2 år fram til utgangen av 2013. Når det gjeld avtalen med PC Support AS i høve til breiband er vi ikkje kjent med detaljane i denne. Om ein legg eit grunn eit perspektiv på to år, så gir desse anskaffingane ein samla verdi på 1,4 mill kr, som både var og er over den nasjonale terskelverdi.

Dette er ein type av anskaffingar som det nok er tenleg å ha langsiktige kontraktar på. Slik vi forstår det, har avtalen med Sykkylven Energi AS vore gjeldande også etter 2013. Det tilseier at det kan bli lagt til grunn at avtalane med både Sykkylven Energi AS og PC Support AS, har blitt praktisert som ein løpende avtale, slik at avtaleverdien er 2,8 mill kr. Det er høgare enn EØS-terskelverdien.

Kommunerevisjonen vurderer det slik at rådmannen har ei plikt til å kunngjøre anskaffinga av breiband. Vi ser likevel at unntaket for ein leverandør i marknaden kan vere gjeldande i dette tilfellet. Temaet ein leverandør i marknaden reiser også spørsmålet i kva grad dette gjeld også for dei tenester som PC Support AS yter.

Rådmannen bør etter vårt syn gjere ei vurdering av kor vidt ei oppseiing av avtalen og ein konkurranse, vil kunne gi betre pris og kvalitet. Om rådmannen kjem til den konklusjon, at det berre er ein leverandør i marknaden, så vil vi minne om at det er rådmannen som: *har bevisbyrden for at vilkåret er oppfylt*. Samt at: *det er en høy terskel for å påberope seg unntaket*.

## 4. Konklusjonar og anbefalingar

Problemstilling 1a:

*Har tildelinga av tilskotet vore gjenstand for ei forsvarleg sakshandsaming? Herunder om tildelinga er gjort i kompetent organ?*

Kommunerevisjonen vurderer det slik at det skulle vore lagt fram ei sak for kommunestyret. Det ligg etter vårt syn til kommunestyret å trekke opp retninga når det gjeld utbygging av breiband med bruk av midlar som i siste instans var kommunale.

Problemstilling 1b:

*Har kommunen gjennomført konkurranse på tilskotet i tråd med regelverket?*

Rådmannen har ikkje gjennomført konkurranse i tråd dei krav som var sett. Det var fylkeskommunen som skulle sette krav om konkurranse som eit vilkår ovanfor kommunane. Det var ikkje gjort, og det må etter vårt syn vere noko formildande i høve til kritikk av rådmannen.

Problemstilling 1c:

*Har kommunen stilt krav om tilgang for tredjepart i tråd med regelverket?*

Kommunerevisjonen gjer ikkje vurderingar i høve til tilgang for tredjepart. Dette har samanheng med at dette er ei klagesak, som også er pågående. Kontrollutvalet og kommunerevisjonen har ikkje ei rolle i slike saker. Vi har likevel prøvd å belyse og gi eit allment innsyn i dei prosessane som har vore i høve til dette.

Problemstilling 2:

*Har kommunen skaffa seg breibandtenester i tråd med regelverket?*

Kommunerevisjonen vurderer det slik at rådmannen har ei plikt til å kunngjere denne anskaffinga av breibandtenester. Vi ser likevel at unntaket for ein leverandør i marknadene kan vere gjeldande i dette tilfellet.

Rådmannen bør gjere ein grundig vurdering av om unntaket er gjeldande.



## Vedlegg

### Administrasjonssjefens kommentarar

#### Oversikt over sentrale dokumenter og litteratur

Delegasjonsreglementet gjeldande frå 01.01.08

Delegasjonsreglementet gjeldande frå 12.12.17

Brev frå Kommunal- og regionaldepartementet til Møre og Romsdal fylkeskommune datert 29.04.10

Brev frå Kommunal- og regionaldepartementet til Møre og Romsdal fylkeskommune datert 29.12.10

[Forskrift om offentlige anskaffelser](#)

[Veileder til reglene om offentlige anskaffelser \(anskaffelsesforskriften\)](#)

## Gjennomgang av årsmeldingane i Sykkylven Energi AS

I årsmeldinga for 2002 stod det:

*Fiberkabelen mellom Sykkylven Trafostasjon og Klokkehaug er i drift, og det har ikke vore driftsavbrot i 2002. Det har i 2002 ikke vore nye investeringar i fibernet.*

I årsmeldinga for 2003 stod det:

*Fiberkabelen mellom Sykkylven Trafostasjon og Klokkehaug er i drift, og der har ikke vore driftsavbrot for denne i 2003. Til samband mellom kraftanlegga i Riksheim-området er det i 2003 lagt omlag 6 km fiberkabel mellom Riksheim kr.st, Gamlestøldammen, Riksheimdalen kr.st og Storevatn. Denne kabelen vart sett i drift i desember, og er brukt til fjernkontroll av ny kraftstasjon.*

I årsmeldinga for 2004 stod det:

*Vi har i 2004 ikke hatt aktivitet når det gjeld legging av fiberkabel og oppbygging av breibandnett.*

*Når SE utfører gravearbeid og har opne grøfter, vert det oftest også lagt rør med tanke på seinare inntrekking av fiberkabel. Som inntakskabel til bustadhús vert det nytta kabeltype med innlagd rør for fiberkabel.*

I årsmeldinga for 2005 stod det:

*I løpet av 2005 har vi halde fram med å legge rør med tanke på seinare inntrekking av fiberkabel der vi av andre prioriteringar har grøfter opne. Planar for ei utbygging av fibernet er kontinuerleg under vurdering, og vår strategi vil vere avhengig av utviklinga både på fiber-området og teknologien omkring DSL (breiband levert over eksisterande telenett på koparkabel).*

*Som inntakskabel til bustadhús vert det nytta kabeltype med innlagd rør for fiberkabel. I samband med omlegginga av høgspent sjøkabel på Ekornes vart det i januar lagt fiberkabel over Sykkylvsfjorden mellom Ekornes og Haugeset.*

I årsmeldinga for 2006 stod det:

*I løpet av 2006 har vi halde fram med å legge rør med tanke på seinare inntrekking av fiberkabel der vi av andre prioriteringar har grøfter opne. Planar for ei utbygging av fibernet er kontinuerleg under vurdering, og vår strategi vil vere avhengig av utviklinga både på fiber-området og teknologien omkring DSL (breiband levert over eksisterande telenett på koparkabel). Som inntakskabel til bustadhús vert det nytta kabeltype med innlagd rør for fiberkabel.*

I årsmeldinga for 2007 stod det:

*I løpet av 2007 har vi, der vi av andre prioriteringar har opne grøfter, halde fram med å legge rør med tanke på seinare inntrekking av fiberkabel. Stadig fleire kabeltyper vert og levert med integrerte fiberrør slik at leggeoperasjonen vert enklare. Planar for ei utbygging av fibernet er kontinuerleg under vurdering, og vår strategi vil vere avhengig av utviklinga både på fiberområdet og teknologien omkring DSL (breiband levert over eksisterande telenett på koparkabel). Som inntakskabel til bustadhús vert det nytta kabeltype med innlagd rør for fiberkabel.*

I årsmeldinga for 2008 stod det:

*I løpet av 2008 har vi, der vi av andre prioriteringar har opne grøfter halde fram med å legge rør med tanke på seinare inntrekking av fiberkabel. Stadig fleire kabeltyper vert utforma slik at fiberrør er ein del av kabelen. Dette medfører at legeoperasjonen vert enklare, og ein slepp å legge eigne trekkerør. Planar for ei utbygging av fibernettet er kontinuerleg under vurdering, og vår strategi vil vere avhengig av teknisk utvikling og brukarane sitt kapasitetsbehov.*

I årsmeldinga for 2009 stod det:

*I løpet av 2009 har vi, der vi av andre prioriteringar har opne grøfter, halde fram med å legge rør med tanke på seinare inntrekking av fiberkabel. Stadig fleire kabeltyper vert utforma slik at fiberrør er ein del av kabelkonstruksjonen. Dette medfører at legeoperasjonen vert enklare. I løpet av hausten har SE levert fast samband basert på fiberoptiske kablar mellom Ekornes ASA sine avdelingar på Ekornes og på Klokkehaug.*

I årsmeldinga for 2010 stod det:

*SE har gjennom året vurdert mulighetene og sett på konsekvensane av ei framtidig fibersatsing i Sykkylven.*

I 2010 ser ein av årsmeldinga at fiber blir skilt ut frå forretningsområdet øvrig til eit eige forretningsområde. Det vart framstilt eit rekneskap som viste eit negativt driftsresultat på 381 469 kr på området.

I årsmeldinga for 2011 under *Introduksjon av selskapet* stod det:

*2011 blei eit nytt forretningsområde grunnlagt. Det blei då vedteke å byrje med utbygging av fiber i Sykkylven kommune.*

*I første omgang blir det bygd fiber til næringslivet, men det er også satt i gang eit pilotprosjekt for utbygging av fiber til privatkundar.*

I årsmeldinga for 2011 var det ei heil side med informasjon om forretningsområdet fibernett. Området vart presentert på lik måte som dei andre forretningsområda, og det stod:

*Sykkylven Energi AS har gjennom fleire år førebudd ei ev. utbygging av fiberbasert infrastruktur gjennom å legge trekkerør i opne grøfter. I tillegg har det til private bustadhush i stor grad blitt nytta inntakskablar med rør for fiberkabel integrert i kabelkonstruksjonen.*

*Gjennom vinteren 2010/2011 vart strategien SE ønska å satse på avklara med samarbeidspartane, avtalar vart skrivne og rammene for fibernettutbygging i SE sin regi bestemt. Med dette som bakgrunn starta SE våren 2011 utbygging av høghastighets fibernett til både næringskundar, kommunale lokalisasjonar og private bustadar.*

*Utbryggingsprosjektet for fibernettet i Sykkylven er delt i tre fasar:*

- *Levering av internett og faste kommunikasjonslinjer til næringslivet gjennom eit samarbeid med PC Support AS.*
- *Knyte saman større kommunale bygg i eit eige datanett (administrasjon, helseinstitusjonar, skular mm).*
- *Utbrygging av "fiber til heimen" (FTH) for leveranse av internett, TV og telefon til private bustadar i eit avgrensma område (pilotområdet) gjennom eit samarbeid med NextGenTel AS.*

*Vår vurdering er at om Sykkylven framleis skal være ein attraktiv stad å bu og å drive næringsverksemd er oss avhengige av framtidsretta løysingar for kommunikasjon. Fibernettet vil tilfredsstille "alle" krav i så måte.*

### **PILOTOMRÅDE FOR FTH**

*Områda som først vil bli bygd ut med FTH er dei største bustadområda nord for aureelva, frå Fauskeelva i vest til og med Grebstadlia 1 i aust. (Hjellane og delar av "midtre" Grebstad er ikkje med.) I dette området er her i overkant av 500 private bustadar.*



*Pilotområdet: Bustadområda nord for Aureelva, frå Fauskeelva i vest til og med Grebstadlia 1 i aust.*

*Ei føresetnad for å starte utbygginga var at minst 60% av bustadane i pilotområdet skreiv kontrakt om tilkopling til fibernettet og levering av innhaldstenester. Positiv respons frå kundane ga veldig hyggeleg og tilstrekkeleg dekningsprosent. Utbygginga starta seint i 2011, og leveranse til heile pilotområdet vil bli fullført sommaren 2012. avhengig av evalueringa i pilotområdet vil vidare utbygging av FTH til andre områder i kommunen bli vurdert. Diskusjonen om kva tid og kvar dette eventuelt vil skje er ikkje avgjort.*

### **AKTVITET**

*Utbygging av stamnett for leveranse til næringslivet og kommunen er i det utvida sentrumsområdet (Ørsnes - Tynes - Ekornes) utført i SE sin regi. Utbygging av FTH i pilotområdet er utført av Relacom AS*

*I tillegg er det bygd fibersamband mellom Jarnes og Utgård for leveranse av stamkapasitet til Hundeidvik Fibernet SA.*

Under styret si melding stod det:

*I februar vart det fatta vedtak om å starte utbygging av eit sentralt stamnett med fiberoptiske kablar i Sykkylven. Fiberen skal dekke behova for kommunikasjonsløysingar som næringsliv og større kommunale lokasjonar har. SE har inngått ein samarbeidsavtale med PC Support for bedriftsmarknaden, der dei skreddarsyr og supportrar tilpassa løysingar av høg kvalitet. Hausten 2011 fatta styret vedtak om å starte eit pilotprosjekt med utbygginga av "Fiber til heimen" til eit*

*avgrensa område i kommunen. Samtidig blei det inngått ein samarbeidsavtale med NextGenTel AS om leveransar av innhaldstenester retta mot hushaldningsmarknaden, Prosjektet vart godt mottatt av kundane og utbygginga til ca 600 hushaldskundar vil bli gjennomført første halvår 2012.*

*Vurdering av vidare utbygging vil skje etter at evalueringa av pilotprosjektet er gjennomført.*

I årsmeldinga for 2012 under *Introduksjon av selskapet* stod det:

*I 2011 blei eit nytt forretningsområde grunnlagt. Det blei då vedteke å byrje med utbygging av fiber i Sykkylven kommune.*

*I 2012 er det bygd ut fiber til næringslivet samt kommunale lokasjoner i sentrumsområdet, samt eit pilotprosjekt for fiber til privatkundar.*

I årsmeldinga for 2012 var det ei heil side med overskrift fibernet. Området vart presentert på lik måte som dei andre forretningsområda.

Under styret si melding stod det:

*Hausten 2011 fatta styret vedtak om å starte eit pilotprosjekt med utbygginga av "Fiber til heimen" til eit avgrensa område i kommunen. Samstundes blei det inngått ein samarbeidsavtale med NextGenTel AS om leveransar av innhaldstenester retta mot hushaldningsmarknaden. Prosjektet vart godt mottatt av kundane og utbygginga til ca 600 hushaldskundar vart gjennomført i 2012.*

*Utbygging av fiber til næringsliv/industri samt kommunale lokasjoner har halde fram i 2012. Ved utgangen av året har dei aller fleste bedrifter i sentrale deler av Sykkylven tilbod om kommunikasjonsløysing på fiber. SE har ein samarbeidsavtale med PC Support for bedriftsmarknaden, der dei skreddarsyr og supporterar tilpassa løysingar av høg kvalitet. Strategi for vidare fiberutbygging vil bli lagt i 2013.*

I årsmeldinga for 2013 under fibernet stod det:

*Sykkylven Energi AS har gjennom fleire år førebudd ei utbygging av fiberbasert infrastruktur gjennom å legge trekkerøyr i opne grøfter. I tillegg har det til private bustadhus i stor grad blitt nytta inntakskabler med røyr for fiberkabel integrert i kabelkonstruksjonen. Vi har no nådd så langt i stamnettutbygginga at vi reint teknisk kan ha eit tilbod om fiber til alle heimane i området frå Tynes til Ørsneset. Området er avgrensa mot øst omtrent ved Andestadvatnet.*

*Sykkylven kommune har gitt Sykkylven Energi AS løyve til å nytte delar av teknisk bygg tilhøyrande Sørestrand skule. Denne noden skal levere kommunikasjon for fiber til heimen (FTTH) og næringskundar på sørstranda.*

#### **Fiberstamnett i forbindelse med 420 kV prosjektet til Statnett**

*Gjennom heile 2013 har Sykkylven Energi AS bygd nytt 22 kV forsyningsanlegg frå Heiane til Haugset og frå Heiane til Vik og Tynes. I disse traseane har det og vorte lagt ned røyr for stamfiberkabler. Parallelt med stamfiberøyr i høgspenttraseane så ha det vorte grove ned FTTH-røyr til dei eigedommane som grensar til røyrtraseen. På Vik er det i same bygg som den nye nettstasjonen oppretta node for fiberelektronikk som skal forsyne områdets fiberkundar med kommunikasjon. Arbeidet med legging av fiberøyr i høgspenttraseane til dei ulike formåla vil forsette vidare også i 2014.*

### **Fiberstamnett**

*Det har vorte framført stamfiber frå skulen på Ikornnes og til nye Riksheim kraftstasjon. Denne fiberkabelen er planlagt vidare til Straumgjerde. Røyra som er nødvendige til vidareføring frå Riksheim og vidare til Straumgjerde er klare, arbeidet fortsetter inn i 2014.*

### **Fiber til heimane på Haugseth og i Aurelia**

*Arbeidet med oppkopling av dei om lag femti kundane på Haugseth vart avrunda utover på nyåret, med unntak av nokre få som ikkje var klare med eigeninnsatsen. I juli vart det vedteke å starte innsalg av fiber til heimane i Aurelia i. Ein oppnådde tilstrekkelig med kundekontraktar og det vart vedtatt å bygge ut området. Arbeidet starta opp hausten 2013 og til jul var om lag 70 nye kundar tilkopla fiber. Arbeidet med prosjektet fortsette utover vinteren 2014 og til saman er omrent 110 kundar tilkopla fibernettet i dette området.*

### **FTH, fiber til heimen og næringskundar, status**

*Det har i heile perioden vore ei aukande interesse for fiber til heimane frå heile kommunen. Vi registerer og at næringskundane har lågare terskel for å nytta fibertilbodet. Av kommunale lokasjoner er no dei fleste aktuelle tilkopla. Arbeidet med å legge til rette for framtidige fiberkundar i alle kundegrupper har i 2013 vore ein viktig del av fibersatsinga, og ein vil ha fokus på dette arbeidet i tida som kjem.*

### **Våre samarbeidspartar på fiber i perioden**

*I 2013 løper samarbeidsavtalane med NextGenTel og PC Support AS vidare, og vi har eit tett samarbeid med disse i vidareutvikling av tilbodet på fiber og tenester som vert levert på fiber. Utover eigne resursar så har Relacom vore vår leverandør som utførande entreprenør i prosjektet Aurelia, og tilknyting av enkeltkundar.*

### **Fiberaktivitetar, generelt**

*I 2013 har det vore jamt tilslig av nye FTH kundar i pilotområda. Disse kundane har blitt tilkopla etter kvart som bestillingane har kome inn. Det har også blitt kopla opp fleire næringskundar på fiber i 2013.*

Under styret si melding stod det:

*Utbrygging av fiber har halde fram i 2013. Ved utgangen av året har dei aller fleste bedrifter og kommunale lokasjonar mellom Aursnes og Vikøyra tilbod om kommunikasjonsløysing på fiber. Om lag 1000 private husstandar har no same tilbod og nærmere 70% har tatt fiberen i bruk.*

*SE har ein samarbeidsavtale med PC Support for bedriftsmarknaden og med NextGenTel for hushaldskundar. Styret har i 2013 evaluert satsinga og lagt ein strategi for vidare utbygging av fiber i Sykkylven.*

I årsmeldinga for 2014 under styret si melding stod det:

*Utbygging av fiber har halde fram i 2014. Ved utgangen av året har dei aller fleste bedrifter og kommunale lokasjonar mellom Aursnes og Vikøyra samt på Ikornnes tilbod om kommunikasjonsløsing på fiber. Om lag 1100 private husstandar har no same tilbod og nærmere 70% har tatt fiberen i bruk.*

*SE har ein samarbeidsavtale med PC Support for bedriftsmarknaden og med NextGenTel for hushaldskundar.*

I årsmeldinga for 2015 under forretningsområdet fibernet, under *Våre samarbeidspartar på fiber i perioden*, stod det:

*NextGenTel og PC Support AS var fram til hausten våre prefererte samarbeidspartnarar for innhaldstenester over fiberen.*

*På slutten av året starta forhandlingar om vidareføring av leveranseavtale på FTH og næringskundar. Fleire aktuelle leverandører vart spurd i ein elles arbeidskrevjande prosess. For innhaldsleveransar til hushaldskundane, vart det ei forlenging av avtalen med NextGenTel. Avtaleforhandlingar for bedriftsfibernetet held fram i 2016.*

*Utanom eigne resursar så har Relacom vore leverandøren vår som utførande entreprenør i prosjektet Sørestranda, i tillegg til å levere tilknyting av enkeltkundar frå tidligare utbygde områder.*

Under styret si melding stod det:

*Utbygging av fiber har halde fram i 2015. Ved utgangen av året har dei aller fleste bedrifter og kommunale lokasjonar mellom Aursnes og Vikøyra samt mellom Ikornnes og Straumgjerde tilbod om kommunikasjonsløsing på fiber. Om lag 1400 private husstandar har no same tilbod og nærmere 70% har tatt fiberen i bruk. SE har ein samarbeidsavtale med PC Support for bedriftsmarknaden og med NextGenTel for hushaldskundar.*

I årsmeldinga for 2016 under *Administrerande direktør* har ordet stod det:

*Våren 2016 vedtok styret at bedriftsfibernetet skulle opnast for andre innhalde og tenesteleverandørar, og at Sykkylven Energi skulle etablere ein ny og konkurransedyktig marknadsmodell. Modellen skulle legge til rette for konkurranse mellom ulike tilbyderar av tenester i marknaden, til næringslivets beste.*

*Samarbeidsavtalen frå 2011, som i praksis ga PC Support einerett på levering av breibandstenester og IKT-tenester til næringsliv og kommunale lokasjonar i bygda, vart avslutta. PC Support motsette seg endringa, noko som medførte ein ressurskrevjande prosess for styret og administrasjonen i Sykkylven Energi. I den følgjande domstolshandsaminga fekk Sykkylven Energi fullt medhald. I dag er vårt bedriftsfibernet ope for andre leverandørar, og næringslivet kan sjølv velje kva samarbeidspartnar for breiband og IKT dei vil ha. Erfaringane so langt viser at næringslivet er vinnaren, prisen på tenestene er kraftig redusert samstundes som kvaliteten har auka.*

*Etter ein anbodsprosess med fleire nasjonale aktørar involvert, valde Sykkylven Energi i 2016 å inngå ein 5 års avtale med NextGenTel for levering av «Fiber til Heimen»-tenester i Sykkylven. NextGenTel hadde samla sett det beste tilbodet.*

Under forretningsområdet fibernet, under *Våre samarbeidspartar på fiber i perioden*, stod det:

*Samarbeidet med NextGenTel om levering av tenester til heimane fortsetter basert på ein ny avtale om levering av FTH tenester i Sykkylven.*

*Samarbeidsavtalen med PC Support vart etter forhandlingar ikkje forlenga men oppsagt frå 14.04.2016. Oppseiinga førte også til at SE opna marknaden for andre tilbydarar for næringsfiber.*

*PC Support var ueinig i oppseiinga og forsøkte først med stemning og mellombels råderett i Tingretten for å stanse prosessen med å opne fibernettet for fri konkurranse i Sykkylven. Dei forsøkte også å få Tingrettens kjenning for å hindre at vi etablerte elektronikk i eige fibernet fram til endleg dom frå Tingretten kom.*

*Tingretten konkluderte med at avtalen var rettmessig oppsagt noko som førte til at fibernettet til næringskundar vart opna for fri konkurranse mellom tenesteleverandører om levering av tenester til næringslivet i Sykkylven.*

*SE valte vidare med bakgrunn i oppseiing av avtalen samtidig å gå inn i rolla som nettoperatør med mål om å framleige fibernettet til tenesteleverandører basert på ein kapasitetsmodell frå og med 01.06.2016.*

*For å drifte SE sin nettelektronikk vart det inngått ein 24/7 driftsavtale med NCSpektrum frå Kvitseid i Telemark. Prosjektet med innkjøp og å sette i drift eigen fiberelektronikk vart avslutta med å flytte aktuelle næringskundar over på eigen elektronikk i slutten av november 2016.*

*Utanom eigne resursar så har Relacom vore vår leverandør som utførande entreprenør i prosjektet Riksheimgjerde og Aursnes, i tillegg til å levere tilknyting av enkeltkundar frå tidligare utbygde områder.*

Under styret si melding i 2016 stod det:

*Utbygging av fiber har halde fram i 2016. Ved utgangen av året har dei aller fleste bedrifter og kommunale lokasjonar mellom Aursnes og Vikøyra samt mellom Ikornnes og Straumgjerde tilbod om kommunikasjonsløsing på fiber. Om lag 70% av private husstandar har no same tilbod og nærare 2/3 av desse har tatt fiberen i bruk. SE har ein samarbeidsavtale med NextGenTel for tenesteleveranse til hushaldskundar.*

*Avtalen som frå 2011 ga PC Support vesentlige fordeler i bedriftsmarknaden vart avslutta i 2016. PCS gikk deretter til søksmål mot SE med krav om at avtalen frå 2011 skulle forlengast. Dommen frå Sunnmøre Tingrett vart avsagt 22 februar 2017 og ga Sykkylven Energi AS fullt medhold.*


*Bedriftsnettet er no opna for andre leverandørar av breibands- og IKT-tenester, noko som er eit viktig tiltak for å sikre næringslivet konkurransedyktige vilkår.*

Investeringsutgifter til fibernet vart - så langt vi kan sjå - aktivert første gang i 1998. I tabellen nedanfor har vi framstilt tal knytt til fibernet frå 2002 og fram til 2016:

År	Anskaffelseskostnad	Bokført verdi	Driftsresultat	Bidrag
2002	1 856 019	1 165 711	0	0
2003	2 044 999	1 249 749	0	0
2004	2 052 689	1 146 079	0	0
2005	2 347 921	1 340 791	0	0
2006	2 347 921	1 234 121	0	0
2007	2 382 891	1 161 321	0	0
2008	2 391 049	1 061 113	0	0
2009	2 686 165	1 252 375	0	0
2010	3 649 074	2 096 000	-381 469	0
2011	8 633 367	6 937 293	-828 526	0
2012	14 085 941	11 999 000	-799 978	4 025 142
2013	18 608 461	15 756 683	83 200	539 832
2014	26 076 482	22 177 564	374 165	391 792
2015	33 762 387	28 483 499	369 272	1 010 118
2016	39 437 935	32 404 243	1 049 503	1 913 202

Talla er henta frå årsmeldingane.

Anskaffelseskostnad og bokført verdi kan ein framstille i eit slikt diagram:



Det røde feltet angir avskrivningane.



KOMREV3 IKS er et interkommunalt revisjonsselskap, etablert 01.01.1994. Selskapet har ansvar for revisjon av kommunene Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

Selskapet leverer tjenester som finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og rådgiving. Det blir rapportert til den enkelte kommune sitt kontrollutvalg og kommunestyre/bystyre.

Hovedkontor for selskapet er Lerstadvegen 545 i Ålesund kommune.

KOMREV3 IKS  
Postboks 7734 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND  
Tlf. 70172150 – Fax 70172151 – E-post: [komrev3@komrev3.no](mailto:komrev3@komrev3.no)  
Org.nr. 971562587